



Kvam herad

Vedteke budsjett 2010 / økonomiplan 2010/2013



Foto: Lars Arvid Oma



HST-125/09 Vedtak:

1. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane.

2. Skattemargin

Avsetnad til skattemargin er 9 %.

3. Eigedomsskatt 2010

- a) Med heimel for utskrivning i medhald av Eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert eigedomsskatten i 2010 utvida til å gjelda heile heradet.
- b) Eigedomsskattesatsen i 2010 vert 7,0 promille i samsvar med eigedomsskattelova § 13.
- c) Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 a vert skattesatsen (skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 2,5 promille.
- d) Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for eigedomar som fell inn under § 7 a (Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten) og § 7 b (Bygning som har historisk verdi).
- e) Administrasjonen vil leggja fram for heradsstyret lister med forslag til kva konkrete eigedomar som skal ha fritak for eigedomsskatt med heimel i eskl. § 7. Lista vert lagt fram etter at det er gjort eit prinsipielt vedtak om at Kvam herad skal ha unntak med heimel i § 7 bokstav a og b.
- f) Nyoppført bygning som vert nytta til husvære vert etter søknad fritaken for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §7 i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig eller heradsstyret endrar eller opphevar fritaket.

4. Refinansiering

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar. Refinansiering av eksisterande lån skal ikkje medføre endring i den reelle avdragsplanen.

5. Låneavdrag

Det skal betalast 20,3 mill.kr i avdrag i 2010.

6. Trekkrett

I følgje vedteken plasseringsstrategi for Kvam herad vert det vedteke oppretthalde trekkrett i kontosystemet til Kvam herad. Trekkretten for 2010 skal vera på inntil 15 mill.kr.

7. Låneopptak

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 10,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).

8. Godtgjersle til politikarar (jfr. Reglement for arbeidsvilkår)

Ordføraren skal ha si godtgjersle for 2010 vert kr. 735.000,-. Satsane for møtegodtgjersle til folkevalde vert som i 2009.

9. Delegeringsreglement

Budsjettet for 2010 er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela ramma i samsvar med underliggjande dokumentet og tabellar. Prosjekt vert vedtekne i særskilde tabellar.

10. Justering av prosjekt i tid.

Rådmannen får fullmakt til å justera budsjetta for prosjekt i høve til endringar i tid.

11. Avgiftsbudsjett og gebyr

Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i samsvar med føresetnader i eiga sak.

12. Sosialhjelpssatsar

Satsar for økonomisk sosialhjelp er i samsvar med statlege rettleiande retningslinjer for utmåling til livsopphald etter sosialtenestelova si § 5-1 tredje ledd mv.

13. Hovudstrategi for Kvam herad:

- a) Kvam herad skal i tillegg til lovpålagde oppgåver og servicetilbod til innbyggjarane, arbeida for å oppretthalda folketalet, auka sysselsetning og verdiskaping i næringslivet. For å auka interessa for Kvam herad som etableringsstad med bustadbygging og næringsverksemd, er arealdisponering og eit godt vegnett internt og ut av heradet viktig.
- b) Kvam heradstyre viser til auke i samla drift og lønnskostnader i Kvam herad, som med tillegg av kapitalutgifter ikkje er i samsvar med inntektsutviklinga. Samla auke i behov for nye inntekter etter reduserte kostnader er i størrelse 30 mil. pr. år for driftsbudsjettet, for å oppnå målsetjinga i økonomiplanperioden om eit årleg netto driftsresultat på 3 %.
- c) Kvam heradstyre viser til vedteke budsjett for 2009: "Kvam heradstyre ber rådmannen og økonomiutvalet i året 2009 leggja særleg vekt på økonomisk drift og organisering av heile verksemda, for å oppnå årleg netto driftsresultat på 3 % økonomiperioden" (2009 – 2012).

14. Konkrete endringar

- a) Kvam heradstyre ber rådmannen utarbeida ein oversikt kva dei auka kostnadane er inklusive renteutgifter, med snarleg ferdigstilling av barnehageutbygginga i Øystese og Tørvikbygd.
- b) Kvam heradstyre ber rådmannen i januar 2010 leggja fram ein oversikt for eit alternativ med privat/offentleg dreven barnehage i Øystese, med utbygging for heile behovet i Øystese. Oversikta skal også innehalda driftsplan for dei øvrige gjenværande kommunale barnehagane i Kvam.
- c) Kvam heradstyre set av kr. 10 mil. av framtidige salsinntekter ved sal av eigedomar til kapitalfond, som skal nyttast til utviklingstiltak disponert av heradstyre.
- d) Kvam heradstyre ber rådmannen fremja sak med eit illustrerande forprosjekt for eit regionalt industriområde i Steinsdalen. Kommunedelplan for området skal startast i 2010, finansiert med kapitalfond.
- e) Kvam heradstyre ber rådmannen prosjektera og leggja fram sak om ferdigstilling av strandvegen Haldeplassen – Fartøyvernsenteret . Avtaler med grunneigarane må føreliggja. Oppstart av anleggsarbeid 2010. Tidligare ramme kr. 1. mill. Restløyving finansiert kapitalfond.
- f) Kvam heradstyre ber rådmannen leggja fram sak om behov for IT. Investering skulen i Kvam. Det vert finansiert 1,2 mil. frå kapitalfond til tiltaket.

- g) Kvam heradstyre med bakgrunn i vedlikeholdsmangel på kommunale vegar løyver kr. 1. mil til asfaltering, finansiert av kapitalfondet
- h) Kvam heradstyre viser til tidligare vedtak vdr. oppstart av reguleringsplan på strekkja Straumbrua – Tolo i Norheimsund. Dette er eit av dei mest attraktive områda for bustadutvikling i Kvam. Kvam heradstyre ber om at nødvendige ressursar vert sett inn med prosjektleiar og reguleringskompetanse i 2010. Det same gjeld arealet ved sjø i Øystese som kjem fram som eit resultat av vegutbetring Øystese – Skarpasvingen, Finansiering bustadfeltfondet.
- i) Kvam heradstyre ber rådmannen leggja fram sak om helsetilbodet i Strandebarmstunet, der ein forutset nye forhandlingar med lækjarane om noverande avtale og driftsform. Kommunane Kvinnherad og Fusa skal kontaktast for moglege interesse for samordning av legetilbodet i Strandebarmstunet.
- j) Kvam heradstyre ber rådmannen fremja eit notat om tilhøvet mellom Ica – tomte og Hardanger Fartøyvernsenter, jmf. innspel fremja i brev frå Kvam Næringsråd, datert 30. nov. 2009.
- k) I avgiftsbudsjett 1.1.8 ”gebyr etter plan og bygningslova” er det lagt opp til ein høgare prisauke enn std. 4,2 %. Gebyra som har denne auken skal ha ein prisauke i tråd med hovudmalen i avgiftsbudsjettet 4,2 %.
- l) Kvam heradstyre viser til vedtak i heradstyre desember 2008

” Kvam Heradstyre ber rådmannen treffa tiltak i organisasjonen som fører til eit godt omdøme av heradet når det gjeld arbeidet med framføring av reguleringsplanar og sakshandsaming vdr. plan og bygningslova. Kvam Herad skal ha som mål å vera ein servicevenleg organisasjon.”

Kvam heradstyre ber rådmannen rapportera til heradstyre tidleg i 2010 kva tiltak som er gjort og skal gjennomførast for å oppnå målet i vedtaket frå 2008.
- m) Kvam heradstyre ber administrasjonen og NPB utvalet i 2010 arbeida vidare med å avdekka arealbehov til bustadtomter i hovudbygdene i Kvam, i samsvar med tidligare vedtak og notat frå Jon Nedkvitne datert 12.01.2009.
- n) Auka inntekter utover budsjett for 2010 skal ikkje nyttast utan politisk godkjenning.
- o) Kvam heradstyre ber administrasjonen leggja fram ei sak til nærings-, plan- og bygningsutvalet om oppjustering av eldre kommunale reguleringsplanar i bustadfelt. Oppjustering gjeld vedtektene. Arbeidet bør vurderast gjennomført med eksternt innkjøp. Arbeidet skal finansierast med kapitalfond.
- p) Kvam heradstyre ber styret i Kvam kraftverk gjennomføra ei vurdering om auka resultat i økonomisk drift og årsresultat.
- q) Kvam heradstyre ber styret i Kvam kraftverk vurdere auke i eigarutbytte frå Kvam kraftverk i 2010- 2011.

15. Justerte tabellar i samsvar med vedtak

DRIFTSINNTEKTER		Bud 10	Bud 11	Bud 12	Bud 13
LN03	Brukarbetalingar	20	20	20	20
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	44	45	45	45
LN05	Overføringar med krav til motyting	88	83	82	83
LN06	Rammetilskot frå staten	162	162	162	162
LN07	Andre statlege overføringar	35	35	34	34
LN08	Andre overføringar	19	18	18	18
LN09	Skatt på inntekt og formue	179	179	179	179
LN10	Eigendomsskatt	31	31	31	31
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	4	4	4	4
LN12	Sum driftsinntekter	B	582	576	576
DRIFTSUTGIFTER					
LN14	Lønsutgifter	329	326	323	321
LN15	Sosiale utgifter	78	76	75	75
LN16	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	77	72	71	71
LN17	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	21	21	21	21
LN18	Overføringar	53	49	48	48
LN19	Avskrivingar	35	35	35	35
LN20	Fordelte utgifter	-2	-2	-2	-2
LN21	Sum driftsutgifter	C	591	578	570
LN23	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-9	-2	2
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER					
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	25	24	24	24
LN26	Mottekne avdrag på lån	0	0	0	0
LN27	Sum eksterne finansinntekter	E	25	24	24
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	23	22	21	20
LN30	Avdragsutgifter	20	20	20	20
LN31	Utlån	0	0	0	0
LN32	Sum eksterne finansutgifter	F	43	42	40
LN34	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-18	-18	-16
LN35	Motpost avskrivingar	35	35	35	35
LN36	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	9	16	26
AVSETNINGAR					
LN38	Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0	0
LN39	Bruk av disposisjonsfond	1	1	1	1
LN40	Bruk av bundne fond	21	20	20	19
LN41	Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
LN42	Sum bruk av avsetningar	J	21	21	20
LN44	Overført til investeringsrekneskapet	0	0	0	0
LN46	Avsetningar disposisjonsfond	0	0	0	0
LN47	Avsetningar til bundne fond	23	23	23	25
LN49	Sum avsetningar	K	23	23	25
LN51	Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	L=I+J-K	7	13	21

Hovudoversikt drift 2010. Fordelt på Kostra-tema									
	2. tertial 2009		Budsjett 2010						
Tema (i 1000 kr)	Brt. utg. 2009	Netto utg 2009	Brt. utg. 2010	Inntekt 2010	Finans 2010	Motpst avskr 2010	Fond 2010	Netto utg 2010	Endring 2009/2010
Politisk verksemd	4 435	4 224	4 684	-371	0	0	0	4 313	89
Adm. og fellesutgifter	30 428	19 586	26 801	-4 613	20	0	-230	21 978	2 392
Barnehagar	58 083	15 694	59 512	-39 440	0	0	0	20 072	4 378
Grunnskule	137 249	123 483	142 405	-14 944	0	0	0	127 461	3 978
Kommunehelse	29 822	22 595	31 953	-8 991	0	0	0	22 962	367
Pleie- og omsorgstenesta	176 503	143 128	182 450	-27 746	0	0	0	154 703	11 576
Sosialteneste og NAV	24 500	21 643	27 343	-5 176	10	0	0	22 177	533
Barnevern	11 622	11 205	12 034	-469	0	0	0	11 565	360
Bustader	14 233	-3 524	14 656	-17 319	925	0	-850	-2 588	935
Plan	13 751	8 667	14 699	-6 505	0	0	-500	7 694	(973)
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	14 158	-14 561	14 262	-31 353	-1 000	0	3 281	-14 810	(249)
Brann og ulykkesvern	7 608	5 992	7 761	-1 676	0	0	0	6 085	93
Samferdsle og grøntanlegg	14 304	12 126	13 700	-2 232	0	0	0	11 468	(658)
Vatn avløp og renovasjon/avfall	17 419	0	17 027	-20 352	0	0	802	-2 523	(2 523)
Kultur	22 271	16 241	16 607	-4 270	0	0	-530	11 808	(4 433)
Kyrkje	5 587	5 073	5 078	-13	0	0	0	5 065	(8)
Skatt og rammetilskot	0	-362 042	0	-396 609	0	0	0	-396 609	(34 567)
Finans	-650	3 488	0	0	17 691	0	15	17 706	14 218
Løn til fordeling	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Motpost avskrivningar	0	-33 019	0	0	0	-35 483	0	-35 483	(2 464)
Sum	581 321	0	590 971	-582 078	17 646	-35 483	1 988	-6 956	(6 956)

INVESTERINGSINNEKTER		Bud10	Bud11	Bud12	Bud13	
LN03	Sal av driftsmidler og fast eiendom	1	5	1	1	
LN04	Andre salsinntekter	0	0	0	0	
LN05	Refusjonar	8	11	4	4	
LN06	Statlege overføringar	0	2	0	0	
LN07	Andre overføringar	0	0	0	0	
LN09	Sum inntekter	L	9	18	5	5
INVESTERINGSUTGIFTER						
LN11	Lønsutgifter	1	0	0	0	
LN12	Sosiale utgifter	0	0	0	0	
LN13	Varer og tenester i kommunal eigenproduksjon	52	72	11	18	
LN15	Overføringar	8	11	2	5	
LN16	Renteutgifter og omkostningar	0	0	0	0	
LN18	Sum utgifter	M	62	84	13	22
FINANSUTGIFTER						
LN19	Avdragsutgifter	1	1	1	1	
LN20	Utlån	10	10	10	10	
LN21	Kjøp av aksjer og andeler	0	0	0	0	
LN22	Avsetningar til ubundne investeringsfond	1	1	1	1	
LN23	Avsetningar til bundne fond	0	0	0	0	
LN25	Sum finanstransaksjonar	N	12	12	12	12
LN26	Finanseringsbehov	O=M+N-L	65	78	21	29
FINANSIERING						
LN28	Bruk av lån	58	76	18	28	
LN29	Motteke avdrag på utlån	1	1	1	1	
LN31	Overføringar frå driftsrekneskapet	0	0	0	0	
LN32	Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	
LN33	Bruk av ubundne investeringsfond	5	0	1	0	
LN34	Bruk av bundne fond	1	1	1	1	
LN36	Sum finansiering	R	65	78	21	29
LN38	Udekket/udisponert		0	0	0	0

Status aktive prosjekt	Totalramme fordelt på år					Sum Prosjektramme
	T.o.m 2009	Bud 2010	Bud 2011	Bud 2012	Bud 2013	
Tekst						
P13131 IT-investeringar 2013	0	0	0	0	1 875	-1 875
P21101 IT i skulen	0	1 500	0	0	0	-1 500
P50101 Digitalisering av kino	0	375	0	0	0	-375
P60102 Sjøfront ved Øysteseparken	0	623	0	0	0	-623
P60103 Asfaltering 2010	0	1 250	0	0	0	-1 250
P61103 VA - GPS utstyr	0	200	0	0	0	-200
P90121 Symjebasseng i Norheimsund	0	0	0	0	20 000	-20 000
Sum nye prosjekt	0	3 948	0	0	21 875	-25 823
P11010 Næringsutvikling i Ålvik	4 591	0	0	0	0	-4 591
P15061 Utgreiing sjøkabel	500	0	0	0	0	-500
P15062 Turistveg Hardanger, ny oppstart	2 114	686	0	0	0	-2 800
P15081 Økoløft	504	533	533	0	0	-1 571
P19071 Jondalstunnelen	19 000	0	0	0	0	-19 000
P19081 Oppussing rådhus	3 500	0	0	0	0	-3 500
P19091 E-takst 2010	4 771	230	0	0	0	-5 000
P60074 Vegplan	250	0	0	0	0	-250
P60093 Kompensasjonsmidlar veg	1 000	3 000	1 000	0	0	-5 000
P71091 Tettstadplan for Ålvik	625	1 250	0	0	0	-1 875
P71094 Skredsikringstiltak Gartveit (HST-070/09)	2 915	2 915	0	0	0	-5 830
P71101 Straumen - Båthamna Nhs. aust (HST-173/08)	0	625	625	625	0	-1 875
P80090 Tiltakspakken - kyrkeleg fellesråd	500	0	0	0	0	-500
P80091 Tiltakspakken - Ålvik pensjonistheim	619	0	0	0	0	-619
P80092 Tiltakspakken - Ålvik skule	307	0	0	0	0	-307
P80093 Tiltakspakken - Øystese barneskule	852	0	0	0	0	-852
P80094 Tiltakspakken - Dagsenter Øystese	869	0	0	0	0	-869
P80095 Tiltakspakken - Div. utleigehus	310	0	0	0	0	-310
P80096 Tiltakspakken - Kvam rådhus	2 474	0	0	0	0	-2 474
P80097 Tiltakspakken - Gamleskolen i Nhs.	110	0	0	0	0	-110
P80098 Tiltakspakken - Strandebarmheimen	622	0	0	0	0	-622
P80099 Tiltakspakken - Strandebarm barnehage	97	0	0	0	0	-97
Sum aktive driftsprosjekt	46 529	9 239	2 158	625	0	-58 551
P13062 Breiband, fase 2	1 400	300	0	0	0	-1 700
P13092 Agresso økonomisystem - oppgradering	165	660	0	0	0	-825
P13093 KomTek - forvaltningssystem - teknisk	0	375	0	0	0	-375
P13094 Web-sak - sakshandsamarsystem - oppgradering	375	0	0	0	0	-375
P13101 IT-investeringar 2010	0	1 000	0	0	0	-1 000
P13111 IT-investeringar 2011	0	0	1 875	0	0	-1 875
P13121 IT-investeringar 2012	0	0	0	1 875	0	-1 875
P19092 Øystese Kraft AS	10	290	0	0	0	-300
P31091 Tilbygg/ombygging Toloheimen (HST 057/09)	400	8 725	8 725	0	0	-17 850
P50021 Regionalt kulturhus	1 450	680	0	0	0	-2 130
P60022 Bustadfelt Norheimsund	192	0	0	0	0	-192
P60051 Skytebane Norheimsund / Øystese	525	0	0	0	0	-525
P60071 Tørvikbygd barnehage, utviding	500	0	0	8 500	0	-9 000
P60072 Holmsund - sanitæranlegg og utforming	900	0	0	0	0	-900
P60081 Investeringar i Trafikksikringsplan	0	400	400	400	0	-1 200
P60091 Ny barnehage Bjørketeigen	1 000	0	15 000	0	0	-16 000
P60092 Fornyingsplan bilar/utstyr Tenisk 2009-11	0	2 000	625	0	0	-2 625
P60101 Ålvik barnehage, tilbygg	500	6 500	0	0	0	-7 000
P62081 Tiltak Sandven lagerbygg	100	400	0	0	0	-500
P71092 Strandvegen (HST 048/09)	200	800	0	0	0	-1 000
P71093 Oppgradering Mundheim sentrum	0	577	0	0	0	-577
Sum aktive investeringsprosjekt	7 717	22 707	26 625	10 775	0	-67 824

Status aktive prosjekt	Totalramme fordelt på år					Sum Prosjektramme
	T.o.m 2009	Bud 2010	Bud 2011	Bud 2012	Bud 2013	
Tekst						
P90071 Kvam ungdomsskule	87 350	0	0	0	0	-87 350
P90072 Strandebarn skule	52 608	0	0	0	0	-52 608
P90073 Strandebarn nærings- og idrettspark	59 408	0	0	0	0	-59 408
P90074 Norheimsund barneskule	1 000	19 000	30 000	0	0	-50 000
P90075 Tørvikbygd skule	12 080	0	0	0	0	-12 080
P90076 Øystese barneskule	1 837	0	0	0	0	-1 837
Sum aktive skuleprosjekt	214 282	19 000	30 000	0	0	-263 282
P60062 Veg og VA Norheimsund sentrum/vest	12 900	0	0	0	0	-12 900
P61011 Kloakkledning Lid	400	0	0	0	0	-400
P61012 VA-utbygging i Kvam	13 105	0	0	0	0	-13 105
P61071 Reservevassforsyning	1 000	0	0	0	0	-1 000
P61073 Ny pumpestasjon P5, Tolo	670	670	0	0	0	-1 340
P61074 Separering og vatn Sundsvik og Norheim	600	600	2 000	0	0	-3 200
P61076 Overvåkingsanlegg	800	900	0	0	0	-1 700
P61081 Utsleppsanering Evjo, Øystese	150	1 170	0	0	0	-1 320
P61082 VA-anlegg mot Eikedalen	100	2 900	17 000	0	0	-20 000
P61083 Oppgradering vassverk Kvamskogen	50	4 000	3 950	0	0	-8 000
P61091 Felles slamavskiljar Vikøy	0	700	0	0	0	-700
P61092 Sanering VA NHS sentrum	0	0	1 900	1 900	0	-3 800
P61101 Kloakksanering Kvam	0	2 900	0	0	0	-2 900
P61102 Vasssleidning Torpe, vidareføring	0	2 000	2 000	0	0	-4 000
Sum aktive VA-prosjekt	29 775	15 840	26 850	1 900	0	-74 365
Sum aktive prosjekt	298 302	70 733	85 633	13 300	21 875	-489 844

Oversendingsforslag til administrasjonen:

DU har i formannskapet støtta forslag til endring i budsjettet for 2009 frå SP og KRF, med enkelte merknader.

I dette forslaget er oppført innsparing på administrasjon på 1 mill.

I fellesframlegget er det lagt inn innsparingar på drift med 2 mill. frå 2011, aukande til 6 mill i 2013.

Rådmannen har i november i Ulvik hatt møte om interkommunalt samarbeid i Hardanger, der kvar kommune skulle koma med eit framlegg på kva område som kunne vera aktuelt. Dette er positivt. Samarbeidstanken bør likevel også kunna gjelda alle våre nabokommunar, på område ein ser kan vera mogeleg og naturleg- t.d innan viltforvaltning, landbruk, helse m.m. Vi kjenner til at Kvam alt samarbeider på IT- området, på innkjøpssida, med ein barnehagekoordinator.

I denne samanheng ber me administrasjonen greia ut korleis eit samarbeid med nabokommunar på kommunelegetenesta kan utformast, og kva det kan gje av økonomiske innsparingar. Dette med bakgrunn i at eit ev. lokalmedisinsk sjukehus i Kvam, under alle omstende vil gjelda for eit større område enn berre vår eigen kommune. Dersom eit slikt samarbeid ikkje let seg oppretta, skal rådmannen utreda om Kvam treng ein 100% kommunal legestilling, eller om stillinga kan delast mellom ein administrativ del og ein legedel retta direkte mot pasientgrupper/institusjonar.

Utgreiinga blir å leggja fram så snart det er mogeleg.

Innholdsliste

1	Oversyn over framlegget til budsjett for 2010	12
2	Rammeområda samla	24
	Politisk verksemd	25
2.1	Administrasjon, styring og fellesutgifter.....	26
2.2	Barnehagar	27
2.3	Grunnskuleopplæring	28
2.4	Kommunehelse.....	29
2.5	Pleie- og omsorg.....	30
2.6	Sosialteneste og NAV	31
2.7	Barnevern	32
2.8	Bustader.....	33
2.9	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø	34
2.10	Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift.....	35
2.11	Brann og ulukkesvern.....	36
2.12	Samferdsle og grøntanlegg.....	37
2.13	Vatn, avlaup og renovasjon/avfall (VAR).....	38
2.14	Kultur	39
2.15	Kyrkje.....	42
2.16	Skatt og rammetilskot.....	43
2.17	Finans	45
3	Økonomisk oversikt	46
3.1	Hovudoversikt totalt 2010 - 2013.....	46
3.2	Budsjett 2010 – 2013 Hovudoversikt drift (ekskl. prosjekt og VAR)	47
3.3	Budsjett 2010 Økonomiske oversikt oppdelt	48
3.4	Budsjettskjema 1A	49
3.5	Budsjettskjema 1B.....	50
4	Investeringar Kvam herad 2010 - 2013.....	51
4.1	Økonomisk hovudoversikt - investeringar	51
	Økonomisk hovudoversikt – investeringsbudsjett 2010	51
4.2	Budsjettskjema 2A – investeringar	52
4.3	Budsjettskjema 2B - investeringar	52
5	Prosjekt i økonomiplanperioden 2010 - 2013	53
6	Vedlegg	65
6.1	Eigedomsskatt - status i Hordaland pr. oktober-2009	65
6.2	Kva vert eigedomsskatten for den enkelte?.....	66
6.3	Samandrag av KS – dokumentet Utfordringar i kø.....	66
6.4	Kommunesektoren og nasjonaløkonomien	66
6.4.1	Barnehagesektoren	67
6.4.2	Grunnskulen	67
6.4.3	Pleie og omsorg.....	67
6.4.4	Vedlikehaldspakken	67
6.4.5	Skattar og avgifter	68
6.4.6	Pensjon	68
6.4.7	Lånegjeld.....	68

1 Oversyn over framlegget til budsjett for 2010

Nokon må seie nei, og det er kommunane sin jobb.
Elles blir presset mot statens rikdomar for stort.
Anne Lise Fimreite

1. Om årsaka til det økonomiske utføret og prinsippa for budsjettframlegget

1.1 Årsaka

Rådmannen legg fram eit budsjett som inneber strengare innsparingar og større inntekter. Det er ein vond og, ikkje minst, uvant medisin, men så er då også heradet i ein spesiell situasjon.

At økonomien i heradet er vanskeleg, er gamalt nytt. Her er for lite både til investering og drift. Skjønt heradet gjekk i 2005 og 2006 med overskot, og i 2007 i nokolunde balanse — utan bruk av fondsmidlar.

Den økonomiske bøygen for heradet vart for alvor synleg i 2008. Då vedtok heradsstyret å nytte fondsmidlar for å saldere rekneskapen, likeins i 2009.

Dei viktigaste årsakene til bøygen er eit samanfall av store investeringar i skulen og løns- og prisveksten i ein samfunnsøkonomi på full kok.

Heradet har, tilliks med andre kommunar, vore gjennom ekstraordinære økonomiske utfordringar før. Kriser i nasjonaløkonomien har kome jamt kvart tiande år.

Bankkrisa på slutten av 80-talet vart følgd av ei mindre krise på slutten av 90-talet, og i desse dagar kjempar me oss igjennom sluttsatsen av finanskrisa.

Krisa på slutten av 90-talet var vanskeleg for kommunane. Enkelte var så pressa at dei avhenda kraftverka sine. Andre fann det best å skifte forsikringsselskap frå gamle og trygge KLP (som då hadde tapt stort på børsen og sendt ekstrarekning til kommunane) til private aktørar. Kvam herad var mellom desse andre. Og alle kommunane måtte kutte i drifta.

Men til tross for krise, kutt og krasse vendingar, viste ikkje rekneskapen i Kvam raude tal. Det skuldast dels kutta, men òg at det monalege etterslepet i vedlikehald av skular og barnehagar vart vidareført enno nokre år. Eg siterer frå årsmeldinga frå 1997:

Rekneskapen viser at innanfor områda utstyr og vedlikehald må takast eit krafttak. Budsjetta her er heile tida under press og i stor grad klarar vi berre halde unna tvingande nødvendig vedlikehald for å avgrense skadeomfang. Det meir planmessige vedlikehaldet som må til for å halde oppe standarden på bygningsmasse og vegar kjem i siste rekke.

Og vidare i same meldinga...

Det er stigande uro i organisasjonen over det "forfall" som etterkvart pregar kommunale bygg i Kvam.

På denne tida var heradet inne i ein periode med tunge investeringar. Det var storstilt satsing på omsorgsbustader, einsengsreform og nye skulebygg til 6-åringane. Situasjonen var som no.

Kommunen har svært høg lånegjeld, ca 70 prosent av kommunen sine samla driftsinntekter.¹ Tilsvarande tal for kommunane i fylket er 57 prosent og for landet 53. Administrasjonen er uroa over kva dette kan få å sei for evt. press mot ytterlegare nedskjeringar på drifta. Som ein ser er det høge investeringsnivået i kommunen med på å pressa driftsbudsjettet heilt for midlar til vedlikehald og nye tenester.

(Frå Årsmeldinga 1997)

I dag er heradet sine driftsutgifter igjen pressa etter store investeringar. For som alle alt den gong forstod, måtte noko gjerast både med skular og barnehagar. Skulane var gamle og i dårleg stand, barnehagane nyare, men provisoriske og tungdrivne.

I starten på det nye årtusen gjekk heradsstyret så laus på det avgjerande skuleordskiftet. Målet var oppgradering og omstrukturering.

¹ I dag er lånegjelda 107 prosent av samla driftsinntekt.

I Strandebarm vart vilkåra for kompromiss eit samlande og kostbart nybygg. I det sentrale Kvam vart det omstrukturering utan kompromiss, materialisert ved nybygget i Øystese.

Det er desse investeringane som er årsaka til at heradet har større økonomiske utfordringar enn andre kommunar. Rett nok aukar driftsutgiftene i Kvam som elles i landet og forsterkar dermed problema, men utfordringane skuldast at heradsstyret stilt overfor skuleutfordringane våren 2007 hadde for stor matlyst, for dårlege tenner og for dårleg tid.

1.2. Første prinsipp: Rettvis fordeling av institusjonar mellom grendene

På slutten av 90-talet var det ikkje klokt å betre økonomien ved å utsetje investeringane. Om heradet gjorde det, ville det gå glipp av særskilte gunstige statlege finansieringsordningar, og dertil få eit tenestnivå langt under landet elles.

Denne gongen er det annleis. Det er råd å utsetje investeringar om ikkje arbeids- og helsestyresmaktane set foten ned og stengjer bygg.

Få tek likevel til orde for utsetjing. Det er rasjonelt sett underleg, for ikkje nokon plass i Kvam står ein framfor ulukke og vonde år om investeringar varsla i 2010 først kjem i 2013. Og skulle det innan 2013 bli for gale, står fleire dugande løysingar klare – om brukarane berre vil flytta litt på seg. Så kvifor ikkje utsetje?

Svaret ligg i helsinga eg fekk ved inngangen til 2009. Ho lydde:

Eg ynskjer alle som kjemper for framgang i bygdene våre eit hjarteleg nytt år!

Eg takka og svarte at eg ville òg helse til dei som kjempa for framgang i *heile* heradet. Min kontakt med innbyggjarane indikerar at denne gruppa ikkje er stor, og, med få unntak, lite taletrend. I Kvam rår bygdeperspektivet.

Slik eg ser det har investeringane i, og ordsiftet om, skulen, forsterka bygdeperspektivet, og skyvd tiltak for heradet *samla* ut av det lokalpolitiske fokus.

Lite tyder på at det er råd å endre fokus utan først å dempe uroa i bygdene. Det kan berre gjerast ved å gjenopprette ei nokolunde rettvis fordeling av godane. For bygdestrida handlar som alle her veit djupast sett om opplevd urettvis fordeling av pengar og institusjonar.

Sidan vonbrotet over det opplevd urettvise verkar å vere størst i Norheimsund, er det rimeleg å prioritere investeringar her. Det er likevel ikkje det viktigaste argumentet for å satse på grenda. Viktigare er det at grenda ligg nærast Bergen, arbeidsmarknaden for ambisiøse dagpendlarar, og at folk kan bu godt og få det dei treng i grenda, eller i nabogrenda seks køfrie kilometer unna.

Norheimsund sine kvalitetar er godt kjent.

Tre gode tettstader. Norheimsund i Kvam.

Grove var fram til 1995 ein tettstad der asfalten låg opptil fortauskanten og støvet fauk når trafikken gjekk fort gjennom sentrumsgata. Langs sjøkanten i Straumen var det fyllplass for stein og lausmassar som ein ikkje hadde brukt for, og staden vende seg bort frå sjøen.

Frå 1996 har planarbeid og arkitektkonkurransar ført til utbygging, tettstaden skulle igjen bli ein plass ved fjorden med gjestebrygge, kaipromenade, kafear, gode butikkar, eit amfi og galleri. Gata og kaien fekk universell utforming med skifer på fortau, fine murar og lune sitjeplassar. Og midt i tettstaden ligg det gamle sveitserstilhotellet i ein grøn park, der turstig til Hardanger fartøyvernssenter startar.

Tettstaden er blitt ei perle i Hardanger.

Dag og Tid. 12.juni 2009.

Ved å temperere uroa i grendene håpar eg det er råd å gjenopprette dialogen mellom heradsstyrerepresentantane, etablere stabile styringsordningar, lage ein tillitsvekkjande plan for både drift og investeringar, og samlast om nye mål og strategiar.²

² Eg vedgår at det grensar mot det absurde at det er *rådmannen* som skriv dette, for dette er til dei gradar eit *politisk* felt. Men vert armoda stor nok, tek sjølv rådmannen til å spinne politiske trådar i påventa av ei samla politisk styring (ref. etterlysing i innlegget mitt under budsjettseminaret for heradsstyret den 24.09.09).

Det trengs, for samlande og langsiktige tema har tronge kår i Kvam. Ikkje få av heradsstyreprerentantane har okka seg overfor rådmannen og sagt at ”no gjeld det å halde ut til valet om to år. Me får bite tenna saman, så går det nok.”

Eg har svart at slike utsegn ikkje nett vekkjer den strategiske susen i meg, og undra meg over kva som kjem *etter* valet. Ei politisk syndflod, slik Frankrikes solkonge venta seg?

Men om ordskiftet om mål og retning verkar å vere eit stykke fram, er det i det minste råd å gjere noko med den opplevde urettvise fordelinga. Heradsstyret får ta det stegvis.

For meg er det viktig at budsjettet for 2010, og den vidare økonomiplanen, legg rettferd til grunn for fordeling og prioritering. Kva som er rettvist er i prinsippet heradsstyret best skikka til å avgjere, men, om nokon spør om mitt syn, så kan dei lese dette framlegget til budsjett.

1.3 Andre prinsipp: Strategiske grep for vekst

Eg har ved fleire høve sagt og skrive at eg ikkje trur på folketalsauke gjennom ny næringsverksemd, men gjennom nye bustader.

Visst trur eg på næringsvekst, men ikkje større enn den som trengst for å erstatte det som går tapt.

Framtida for dei to største private verksemdene i Kvam er uviss. Utfordringane i Ålvik er kjende. Om det vert verft i Hansvågen er òg i det blå, for der anna industri er på veg *ut* av finanskrisa, er verftsindustrien, med sine langsiktige kontraktar, på veg *inn*. Løyvet til å reise eit verft i Hansvågen går ut i 2014. Det er uvisst om oppgangen kjem i tide.

Eg har òg sagt og skrive at eg trur det vert vanskeleg å etablere ny kompetanseverksemd i Kvam, som eit supplement til eksisterande kompetansearbeidsplassar.³ Min skepsis gjeld både statlege og private arbeidsplassar, med eit *Lokalmedisinsk senter* ved Toloheimen som mogleg unntak.⁴

Årsaka er at verksemdar som etablerar seg i Kvam truleg vil slite med å rekruttere og halde på kvalifiserte økonomar og ingeniørar fordi Kvam ikkje er del av den største arbeidsmarknaden mange av ynskjer å ta del i utan å skifte bustad.⁵

Det er for å gjere seg lekker for desse at Kvamskogstunnelen er viktig. Kjem Norheimsund i høveleg pendlaravstand frå Bergen, vert grenda løfterikt transformert frå sentrum i ei økonomisk bakevje til periferi i eit økonomisk vekstområde. Då kjem barnefamiliane hit.

Det er for å bu seg på dette det bør planleggjast og ryddast grunn for nye bustader.

Større fart i bustadbygginga krev større plan- og byggjesakskapasitet. Eg tilrår derfor å gebyrfinansiere eitt nytt årsverk ved avdelinga.

Men familiar som vil slå seg ned i Kvam treng meir enn gode bustader og rask og trygg veg til Bergen. Heradet må òg kunne by gode og trygge arbeidsplassar til dei som vert kvar i Kvam i kvardagen. Draumen er eit variert knippe av lokale arbeidsmarknader.

Kvam har eit godt utgangspunkt for å realisere denne draumen. Lærarane kan velje mellom tre vidaregåande skular, ein ungdomsskule, to barneskular og ein (kanskje to⁶) 1-10-skular, berre i sentrale delar av kommunen.

Marknaden er òg god for sjukepleiarane, med tre institusjonar sentralt. Vert Toloheimen *Lokalmedisinsk senter*, får pleiarane eit enno betre tilbod.

Arbeidet for halde oppe, og gradvis utvide, dei lokale arbeidsmarknadane er ein viktig grunn til at eg vil råde heradsstyret i frå å kutte i pleie- og omsorg. Det vert snart manko på pleiarar i kongeriket, og desse vil kjenne sin verdi i arbeidsmarknaden. Arbeidsgjevarar som har lite å tilby (i vidaste forstand), vil tape denne konkurransen.

³ Forstått som arbeidsplassar med vesentleg innslag av tilsette med universitets- og høgskuleutdanning. Skuleverket er ein slik, likeins deler av anna verksemd under rådmannen. Dei frie yrker er sjølv sagt slike, dertil ein og anna industriverksemd. Men mange som kan konkurrere om toppkandidatane frå høgskular og universitet er det ikkje, korkje av offentlege eller private.

⁴ Ei årsak til manglande tru på statlege arbeidsplassar er den statlege sentraliseringa. Trygdekontor og arbeidskontoret hadde samla 12 årsverk i Kvam i 2006. Fusjon av kontora til NAV har redusert dette til 5.

⁵ Slikt merkar også rådmannen i rolla som arbeidsgjevar. Unge planleggjarar vert sjeldan meir enn 2-3 år i heradet. Dei er attraktive og søkjande.

⁶ Kvam kristne skule er alt på plass. Ein montessoriskule i Norheimsund kan bli den neste.

1.4 Tredje prinsipp

Det tredje prinsippet er det obligatoriske. Eg kan heller ikkje i år stryke i bokføring, men levere eit budsjett i balanse og peike på korleis heradet kan gjenvinne ein sunn økonomi.

2. Kutt i drifta

2.1 Innleiing

I 2009 valde heradsstyret å saldere budsjettet ved å kombinere pragmatiske kutt og fondsbruk. Eit prinsipielt ordskifte om prioriteringar vart det ikkje — den gongen heller. Det næraste heradsstyret kom var ein rituelt framført appell om effektivisering: ”driftsnivået må ned, me må ha færre tilsette, rådmann!”.

Heradsstyret valde, etter tilråding frå meg, å kutte i dei utgiftene som tradisjonelt vekkjer minst kjensler i ålmenta. Talet på årsverk i rådhuset vart redusert, og utgifter til kurs, konferansar, personalpolitiske tiltak, næringstilskot (som delvis kom på plass igjen⁷), lysingar, inventar osv vart monaleg kutta. Dertil vart det varsla innsparingar på innkjøp (eg kjem attende til det i avsnitt 3). Vidare vart det kutta i kultur og næring.

Eg tilrår å føre vidare, og dels forsterke, desse kutta. Det vil likevel ikkje vere nok til å saldere budsjettet.

Eg finn ikkje så mykje meir å kutte i byråkrati og innkjøp, salderingsprosessens svar på JIF-Universal. Derfor lyt heradsstyret gå laus på meir usikre innsparingsalternativ og dertil pine seg igjennom eit ordskifte om prioriteringar – i det minste om det vil gå klar eigedomsskatten.

For å førebu heradsstyret på pina, forfatta administrasjonen sist sumar ein serie notat som grundig presenterer status for kvar teneste, jamfører ho med politiske målsettingar i stat og herad, skildrar framtidsutsiktene, og samanliknar tenesta med andre kommunar.⁸ Dette var forfatta for å møte heradsstyret sitt ynskje om å kome tidlegare inn i budsjettprosessen.⁹ Siste notat var distribuert i september.

2.2 Kutt i stillingar. Ei kortfatta samtidshistorie

Å kutte i drifta i ei så arbeidsintensiv verksemd som ein kommune, betyr færre stillingar.

Før eg gjennomgår kutta, vil eg nemne at eg i budsjettet har lagt inn ei innsparing i *andre driftsmidlar* ved at summane er haldne på 2009-nivå. Her av følgjer ei innsparing på 3 prosent, tilsvarande forventa prisauke i 2010.

Eit fast innslag i den folkelege mytologien om kommunane er biletet av at det arbeider altfor mange i rådhuset. Det er såleis ikkje berre realpolitiske argument for å rasjonalisere her, men òg symbolske. Så derfor ein kort gjennomgang av lokalbyråkratiets samtidshistorie.

Barnehagesjef Jorunn Øyen er i permisjon på andre året. Stillingsheimelen er lagd på is. Oppgåvene vert løyst av helse- og velferdssjef Mali Grete Aksnes, som fekk frigjort kapasitet då sosialtenesta vart lagt under nyskapinga NAV og kommuneoverlegen direkte underordna rådmannen.¹⁰

Landbrukssjef Gunnar Dolve er i permisjon til hausten 2010. Stillingsheimelen er lagd på is. Mange av hans oppgåver er òg lagd på is, resten vert løyst av næringssjef Jan Tjosås.

Eg har spurd Ullensvang herad (der landbrukskontoret for Odda, Ullensvang og Eidfjord er samla) om det er råd å skipe eit landbrukskontor for heile Hardanger. Eg ventar på svar.

Utbyggingssjef Tore Skeie er i permisjon, i første omgang i eitt år. Stillingsheimelen er på is denne hausten. Frå nyttår vert Eirik Haugsøen overført til prosjektavdelinga som prosjektleiar. Haugsøen si stilling som driftssjef vert då lagt på is. Avdelingsleiarane vil frå 1.mars svare direkte til teknisk sjef Per Øyvind Tveiten — som då er på plass etter takseringseksersisen.

⁷ Tilskotet til Hardingpuls vart gjenoppretta.

⁸ Til samanlikninga er nytta data frå KOSTRA-registeret, derav namnet KOSTRA-notat.

⁹ Rådmannen distribuerte og eit større notat om alternativ til dagens budsjettprosess i Kvam. Notatet hadde tittelen *Demokrati heile vegen* og var forfatta av Rokkansenteret ved Universitetet i Bergen. Målet var å bidra til eit ordskifte om sjølve budsjettprosessen.

¹⁰ Eg nyttar personnamn i dette avsnittet. Det gjer eg dels for å gjere teksten klarare, og dels for å framheve at Kvam herad er ein transparent verksemd, med unntak av det som lovmessig skal haldast innanfor kontorveggene.

Kommunalsjef Øystein Aadland si stilling er lagt på is. Aadland er overført til Ålvik Vekst i stilling som samfunnsutviklar/prosjektleiar.

HMS-konsulent Elin Molven er overført til ledig (i stor grad eksternt finansiert) heimel som leiar for skjenkekontrollen. Heimelen som HMS-konsulent er lagt på is.

Turisme- og utmarkskonsulent Fredrik Helveschou sluttar før jul. Heimelen er lagt på is.

Kultursjef Lars Erik Klafstad er førebels overført til nyoppretta heimel som prosjektleiar for Hardinghuset. Heimelen som kultursjef er lagt på is, og ansvaret tillagt skulesjef Rolf Seldal.

Voss sjukehus er interessert i å leige folkehelsekoordinator Reidun Kjosås i 40 prosent heimel (av samla 80) i heile 2010. Av dei resterande 40 er 25 finansiert av fylket.

Kommunalsjef Hans Atle Soldal leiar no prosjektavdelinga under rådmannen, og har dertil ansvaret for at rådmannen søkjer om midlar frå statlege støtteordningar. Heradet søkte om, og fekk, 15 øyremerka millionar frå ulike støtteordningar i 2009.

I siste distriktsmelding frå regjeringa vart det varsla midlar til stilling som skal sikre kommunane kapasitet til å overvake, og søkje, statlege støtteordningar. Når midlane kjem, vil desse gå til å finansiere Soldal si stilling. Eg legg såleis inn ei venta inntektsauke i budsjettet frå hausten 2010 tilsvarande 50 prosent årsverk.

Dertil har det vore to overføringar internt i rådhuset. Idrettskonsulent Atle Kjosås er blitt innkjøpskonsulent, og informasjonssjef Lars Endre Tholo er blitt prosjektleiar for Kvam tomte- og bustadselskap.¹¹ Dei ledige heimlane etter desse er lagde på is.

Tilveksten i rådhuset er to engasjementstillingar ved økonomikontoret frå hausten 2009. Desse har eg lagt inn i budsjettet for heile 2010.

I sum reduserar desse endringane utsiktane til nye innsparingar. Vidare markerar endringane *eit skift frå utvikling til kontroll*. Utviklinga dei neste fire åra vil skje ved utbygging. Å styrkje kontrollen er i tråd med tilrådingane frå kontrollutvalet. Det er naudsynt, men, meiner eg, meir for å formalisere etablerte prosedyrar enn avdekkje slurv og sløsing.

2.3 Forsøk på å usikre innsparingar. Svar på ein rituell appell om stillingskutt.

2.3.1 Stillingskutt i 2010

Dei innsparingane som eg her skildrar er usikre — om enn i ulik grad. Nokre vil medføre store endringar for brukarane, og treng difor nøyare utgreiing med etterfølgjande sak til heradsstyret.

Alle innsparingane som er opplista i det vidare er inkluderte i budsjettframlegget.¹²

Eg vil *reducere utekontakten til eitt årsverk (av 1,7), omplassere den overtallige og leggje den ledige heimelen på is*. Det er ikkje problemfritt, utekontakten gjer ein god jobb. Eg gjer det altså berre for å spare pengar. Tenesta er ikkje lovpålagd.

Eg vil *leggje ein stillingsheimel ved sosialtenesta på is*. Det gjer eg ved å leggje ansvaret for skjenkeløyve til leiaren for skjenkekontrollen. Ressursen som dermed vert frigjort ved sosialkontoret vert nytta for å ta over (i det minste deler av) arbeidet til rusmiddelkonsulent Lars Kristian Skår som slutta denne hausten. Om innsatsen er nok til å halde kvaliteten i arbeidet ved kontoret oppe, er eg usikker på.

Eg vil *analysere driftsavdelinga på teknisk for å sjå om det er råd å spare eitt, kanskje to årsverk utover stillingsheimelen som driftssjef* som vert ledig når Eirik Haugsøen frå nyttår vert prosjektleiar i heimelen etter Tore Skeie.

Eg vil *gjennomgå timetildeling og klassestruktur i skulen i håp om å spare fire årsverk*, med halvårsverknad frå hausten 2010. Eg legg fram sak for heradsstyret til våren.

Eg vil *reducere tilbodet i kulturskulen til det heradsstyret finn er minste sømelege nivå*. Her er det fleire vegar til målet. Skal heradet redusere floraen av uttrykk/instrument, eller skal det halde floraen intakt, men ved færre skular? Kva skal skje med elevbetalinga?

Nedtrappinga kan først skje frå hausten 2010. Heradsstyret vil såleis ha rikeleg tid til

¹¹ Då stillinga som informasjonssjef vart lagt på is vart det brått mykje mindre pågang frå lokalavisa. Eg anar at det her er snakk om ei effektivisering til gjensidig glede for redaktør og rådmann.

¹² Eg stør meg her til ein lang og utbreidd tradisjon i kommunal budsjetthandsaming. For rett nok skal ikkje heradsstyret *selje* skinnet før bjørnen er skoten, men eg meiner det er tradisjon for i det minste å *leige det ut*.

å vurdere form og framdrift. Eg legg fram sak for heradsstyret til våren.

Eg vil *avvikle legekantoret i Strandebarm* og overføre utstyret til Toloheimen.¹³ Sak om dette kjem til heradsstyret til våren.

2.3.2 Stillingskutt i 2011

Eg vil *inndra minst tre årsverk i barnehagane* når barnehagen i Sjydnahaugen vert flytta til Bjørketeigen (halvårsverknad frå hausten 2011). Om talet på barn aukar, vil innsparinga realiserast med større inntekter frå foreldrebetaling.

Eg vil *inndra eit halvt årsverk i pleie og omsorg* når hjelpemiddellageret flyttar til nye lokalar på Toloheimen hausten 2011.

Eg vil *inndra minst to årsverk i skulen* når tre barneskular samlast i Norheimsund, med halvårsverknad frå hausten 2011. Dette føresett at elevtalet vert som i prognosen.

2.4 To større utgreiingar for å avdekkje, eller avkrefte, sparepotensial

2.4.1 Utgreiing av pleie- og omsorg

Ein viktig del av myten om kommunane er det store effektiviseringspotensialet i pleie- og omsorg. Myten er todelt. Dels handlar den om tenester utover minstestandard, dels om manglande styring av den daglege dont.

Eg har alt lagt fram to omfattande analysar av denne tenesta. Desse vart forfatta av Ressurscenteret for omsorgstenester (RO) i Stjørdal. Rapportane handlar meir om fagleg utvikling og framtidige utfordringar enn om økonomi, organisering og styring.

Tysdag 3. november talte eg til helse- og sosialkomiteen i Bergen kommune under eit seminar om økonomisk styring i pleie- og omsorg. Under førebuinga mi las eg ein særskilt omfattande og god analyse av denne tenesta, forfatta av Agenda Utgreiing. Eg vil ha ein liknande rapport for pleie- og omsorgstenesta i Kvam.

Om Kvam kan spare prosentvis like mykje som Bergen er eg ikkje overtydd om,¹⁴ ei utgreiing kan fort konkludere med at heradet driv godt, men knapt, og at det er trong for *større* ressursar i tenesta.

Eg er kjend med høglydte motsegnar mot tanken om fleire utgreiingar. Ikkje det at nokon hevdar dei veit det som trengs, her er det snarare snakk om tiltrua til at ein ”direkte og nærverande leiar” kan effektivisere kva som helst, uavhengig av utgangspunkt og kunnskap.

I følgje dei mest talføre profetane på feltet, vert det ikkje større fart på pleiarane før rådmannen sjølv tek til å fotfølgje dei.¹⁵ Eg har svart at eit herad ikkje kan styrast som eit handelslag, og at det i 2009 vart fjerna 3,8 årsverk då 6 sengeplassar vart nedlagde i Øystese.

Ordskiftet visar at eg, og fleire med meg, treng meir handfaste data. Eg vil difor at ein røynd konsulent kikkar meg i pleie- og omsorgskorta.¹⁶ Eg tilrår at det vert løyvd 150 tusen til dette.

2.4.2 Utgreiing av utgifter til spesialundervisning

Heradet brukar stadig større ressursar til spesialundervisning. Eg vil undersøkje om vedtaka er for rause og om tenesta kan ordnast annleis. Eg vil nytte 100 tusen til utgreiinga.

3. Innkjøp

Eg har varsla innsparingar på innkjøp. Desse kjem gradvis når heradet har fornya dei i alt 50 innkjøpsavtalane det har, eller bør ha.

¹³ Ved å overføre utstyret treng ikkje heradet kjøpe alt nytt når Toloheimen skal oppgraderast.

¹⁴ Eg er neimen ikkje viss på om Bergen kommune maktar å spare ved å leggje om sin politikk. Det er ikkje utan vidare enkelt å heve terskelen for hjelp, og vise trengande gamle til eit anna tilbod. I Kvam er terskelen for hjelp høgare, men når vilkåra er innfridd vert hjelpa gjeve etter behov. Det er *ein* grunn til at gjennomsnittutgifter pr brukar er nokså stor her hjå oss. Brukarane er kort og godt både sjukare og krankare.

¹⁵ Eg møter tilsvarande argumentasjon for å få fart på dei kommunale planleggjarane. Også her står lokalmytologien og tiltrua til ein ”direkte leiarstil” sterkt hjå dei ivrigaste kritikarane. ”Spark dei på skinnleggen”, er ein fast frase frå ein trufast gjest i rådhuset.

¹⁶ Heradet har tidlegare fått hjelp frå Agenda Utredning. Det var i 2007, då konsulent Bjørn Brox analyserte barnehagestrukturen. Utgreiinga fekk mykje ros og lite gjennomslag.

Kvam deltek i fleire innkjøpsnettverk, der det som spring ut av Bergen kommune er det største. Dette nettverket vert stadig utvida og inkluderar no dei fleste av dei største byane på store forbruksområde.

Reknestykke syner at heradet om fem år vil ha 4-5 millionar lågare innkjøpskostnader enn i dag (rekna i 2009-konar), gitt dagens innkjøpsvolum. Det vil ta om lag fem år å rullere heile avtaleporteføljen i nettverket. Fordi Kvam styrar korkje prioriteringar eller framdrift i dette arbeidet, er det vanskeleg å stipulere *når* innsparingane kjem i desse fem åra.

Eg legg fram sak om innkjøpspolitikken for heradsstyret 1. desember. I ordskiftet vil det vere eit lokalpolitisk dilemma. For ved å knytte Kvam, som einaste kommune i Hardanger, til innkjøpsnettverket rundt Bergen, går heradet bort frå eit regionalt samarbeid på eit viktig felt. Det treng ikkje heradet, for å vere del av eit innkjøpsnettverk er lite forpliktande. Finn ikkje Kvam at ein framforhandla avtale er god nok, kan heradet kjøpe inn via andre nettverk. Men så langt har bergensnettverket gjeve gode prisar, og slik vil det truleg bli. Det kan gjere det naudsynt å handtere dilemmaet i heradsstyret.¹⁷

Eg har ikkje store forventningar til innsparingar på innkjøpsfeltet i 2010, og har derfor lagt inn same innsparingskrav i budsjettet for 2010 som i budsjettet for 2009.

4. Arealeffektivisering

Ledige kontor på rådhuset (som resultat av stillingskutt), og varsam oppgradering av driftsbygget på Sandven, gjer at eg kan flytte tilbake tenester til rådhuset som i dag er lokalisert utanfor. Her ligg ei innsparing som er inkludert i budsjettframlegget, og ein potensiell storm av protestar frå lokale huseigarar som mister ein stabil leigetakar.

Om ikkje innkjøpsreglementet vil stå i vegen, tilrår eg at dette vert eit eineståande tilfelle. Eg meiner det er uklokt å oppgradere ledige kommunale bygg til kontorlokale, bibliotekslokale eller anna.

Gjer heradet det, er eg redd delar av ryggraden fell ut av det lokale forretningslivet. Det dreier seg trass alt om eit leigetilskot på 6 millionar i året, mykje for lokale huseigarar som elles har moderat pågang etter lokale. Utan heradet krympar sentrum, det går ikkje.

5. Barnevernet

Barnevernet i Kvam har store utfordringar, ikkje minst i samarbeidet med statlege Bufetat.

Kommunalt og statlig barnevern har store problemer med samarbeidet, viser ny rapport.

- Vi har Bufetat som fungerer dårlig og som ikke leverer tjenestene vi bestiller. Vi ser på det som en systemkrise, sier Anita Fonnes, avdelingsleder ved Ytrebygda barneverntjeneste.

Fonnes støtter konklusjonen i en forskningsrapport frå Fafo som viser at kommunalt ansatte i barnevernet opplever store samarbeidsproblem med det statlige Bufetat. Uklare ansvarsforhold, overstyring av lokale løysningar, manglende kapasitet og byråkratisering preger barnevernet, slår rapporten fast. (...) Det er særlig tilbudet av fosterhjem-, institusjons- og akutt plasser fra Bufetat som skaper frustrasjon.

Bergens Tidende 15. oktober 2009

Region Vest er den av regionane i Bufetat som har dei høgaste kostnadane pr tiltak. Det er derfor klokt å vente kutt her i 2010. Eg rår derfor heradsstyret til å fare varsamt med barnevernet i dette budsjettet. Kuttet i utekontakta får halda.

6. Eigedomsskatt

Eg vil tilrå heradsstyret å vedta eigedomsskatt. Budsjettframlegget er saldert med ein sats på tre promille. Eg er kjend med at det er ikkje noko bøndene i Kvam fryktar meir enn eigedomsskatt, med unntak av ein brå og uventa prisauke på rutete flanellskjorter. Men eg ser ikkje anna råd for å saldere budsjett denne gongen.¹⁸

¹⁷ Det treng ikkje bli så vanskeleg. Eg arbeider for å dra dei andre kommunane i Hardanger (med Voss på slepet) inn i innkjøpsnettverket rundt Bergen. Heradsstyret vil bli oppdatert i sak til våren.

¹⁸ Bak i dette budsjettframlegget har eg lagt ved eit oversyn over eigedomsskatt i kommunar i Hordaland. Siste nytt er at formannskapet på Voss tilrår rådmannen å saldere budsjettet for 2010 med eigedomsskatt.

7. Kostnadsdrivarar

Eit jamt attendevendande tema i heradsstyret er uroa over ikkje å ha kontroll over økonomien. Fylkesmannen er òg uroa, og manar til overskot for å ha pengar på bok til tronge tider. For Kvams del vil eit dugande overskot vere om lag 15 millionar, etter fylkesmannen sin mal.

Kommunane når sjeldan målet om solid overskot i drifta. Ein av grunnane er at kommunane ikkje har full kontroll på det økonomane kallar kostnadsdrivarane. Eg skal i det vidare peike på tre grunnar til dette: Statleg styring, lønsfastsetjinga og lokale strukturar og standardar.

7.1 Statleg styring: Reformar, lovfesta tenester og detaljstyring

Straumen av statlege velferdsreformer, der kommunane for lengst er tildelt rolla som ekspeditør — og lite anna, er dyr for kommunane. Situasjonen vert ikkje betre av at reformene gjerne vert eskortert av statlege formningar som sterkt reduserar kommunane sitt økonomiske og politiske armslag.

Fellesnevneren for statens politikk overfor kommunene er nå et nærmest uttalt behov for å redusere det lokale skjønnet. Dette gjøres gjennom å innføre nasjonale standarder og/eller muligheter for å overprøve lokale politiske vedtak. (...) Politiske parti kan ha så gode intensjoner om å auke det lokale selvstyret de bare vil, i Stortinget kan de opptre helt annerledes. Det mest aktuelle eksempelet er SV som bare dager etter at deres kommunalpolitiske manifest var vedtatt av landsmøtet, forsvarte nasjonale minstestandarder innen skolefeltet med nebb og klør i Stortinget. Hva annet er minstestandarder enn statlig detaljstyring? Det siste året har debattene kanskje særlig vært knyttet til barnehagesektoren, men også innen andre sektorer og felt kan vi finne eksempler på nasjonale politikere som offentlig påtar seg ansvaret for lokal oppgaveløsning, og nærmest detaljinstruerer kommunene om hvordan de skal oppfylle den nasjonalt vedtatte politikken. Da blir det lite rom tilbake for lokale tilpasning av nasjonal politikk, som var så viktig ved i oppbygginga av velferdsstaten. Anne Lise Fimreite. Innlegg under leiarsamling i Bergen kommune. 16.mai 2003.¹⁹

Alle kjenner døme på reformer i samtida, så som HVPU-reforma, einsengsreforma, 6-årsreforma, skulefritidsordninga, fastlegeordninga, barnevernreforma som skapte Bufetat (ref. avsnitt 5) og barnehageløftet. Desse har dels grepe direkte inn i, eller i det minste endra premissane for, kommuneforvaltninga.

Fleire reformer er på veg. Helsereforma, som kan gje eit Lokalmedisinsk senter på Tolo, vert byrdefull og kostnadskrevjande. Det vert fleire tilsette både i pleie og administrasjon.²⁰

I det heile manglar det ikkje på løfter frå Regjeringa om tiltak som skal nå innbyggjarane gjennom kommunane. I eldreomsorga er ein ”verdighetsgaranti” på veg.

En vesentlig del av tiltakene som Arbeiderpartiet ønsker å gjennomføre de kommende årene hører inn under den verdighetsgarantien som den rødgrønne regjeringen ble enige med Venstre og Kristelig Folkeparti om i sommer. Det skal legges fram et forslag for Stortinget om å vedta en lov og forskrift som regulerer de eldres rettigheter – *blant annet* boform, kosthold, pleie- og omsorg, enerom og lindrende behandling ved livets slutt.

Bergens Tidende. 11. august 2009

Blant annet kan her bety ein nasjonal norm for bemanning etter mal frå barnehagar og skular. I så fall vil dei kommunale utgiftene vekse monaleg.

”Verdighetsgarantien” er, blant mykje anna, eit svar på Riksrevisjonen sin ferske rapport om den kommunale eldreomsorga.

Undersøkelsen viser at kommunene ikke alltid klarer å sikre at alle tjenestemottakere gis et tjenestetilbud i tråd med sitt bistandsbehov. Flere eldre får avslag på institusjonsplass grunnet manglende tilgjengelighet, og institusjonsplasser benyttes til andre formål enn hva de er avsatt til.

¹⁹ Fimreite er professor i offentlig administrasjon og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

²⁰ Fordi reforma (slik ho så langt er presentert) inneber at kommunane skal forvalte langt fleire helsemillionar, for slik å kjøpe plassar ved sjukehusa etter behov, vil kommunane trenge kompetente bestillarar. Dette arbeidet kan ikkje løysast i felten av travle legar eller pleiarar, her må ein eigen administrasjon på plass – kommunalt eller regionalt.

I sum er det grunn til å vente monaleg utgiftsauke i eldreomsorga i åra framover, men òg større overføringar frå staten. Større, men neppe store nok.

7.2 Lønfastsetjing på nasjonalt nivå

Løn utgjer om lag 70 prosent av driftsutgiftene i heradet. Det er difor viktig å forstå kva som driv løningane, og kva heradet kan gjere for å dempe veksten.

Lønsumutgiftene er produktet av lønssats og tal stillingar. For 90 prosent av dei knapt 700 årsverka i heradets brød, vert lønssatsane fastsett ved sentrale oppgjer mellom Kommunanes Sentralforbund (arbeidsgjevarorganisasjonen) og ulike fagorganisasjonar. Dette oppgjeret kan ikkje heradet påverke.

Kvart anna år, i såkalla hovudoppgjer, vert det i det sentrale oppgjeret på våren fastsett ein lokal pott til kommunevise oppgjer på hausten. I oppgjeret på hausten vert det tinga om *fordelinga* av denne potten, ikkje storleiken.

Unntatt frå dette systemet for lønfastsetjing er 60 tilsette som kvart år får løna si fastsett lokalt og berre lokalt. For desse kan rådmannen dempe lønsveksten, med den risiko det inneber for å sakke akterut i kampen om å rekruttere og halde på dei.

Når kommunane har liten innverknad på lønfastsetjinga, må dei dempe lønsumutgiftene ved å kutte i årsverka. I avsnitt 2.3 gjorde eg framlegg til dette for dei næraste åra.

7.3 Lønsumutviklinga framover

Det er tre grunnar til at eg meiner det er klokt å ta høgde for at løningane vil auke, endå til utover stipulert lønsvekst.

7.3.1 Kompetansekartlegging med realkompetansevurdering

Det er for det første resultatet av tariffoppgjeret i 2008, der arbeidstakarane fekk gjennomslag for kravet om kompetansekartlegging der også *realkompetansen* til dei tilsette skulle kartleggjast.

Partene viser til Hovedtariffavtalen kapittel 3. Lønssystemet bygger på at det skal være en naturlig sammenheng mellom den enkelte arbeidstakers utdanningsnivå, real- og formalkompetanse, kompetanseutvikling og lønnsutvikling. (...) Arbeidsgiver har ansvaret for kompetansekartlegging i egen virksomhet. Kartlegging i den enkelte kommune skal være gjennomført senest 1. april 2009. Etter vurdering av arbeidstakernes kompetanse, tar lokale parter i løpet av tariffperioden opp forhandlinger om endret lønn og/eller bruk av avansementsstilling/stillingsbenevnelse. Frå riksmekleren si møtebok etter tariffoppgjøret 2008.

I møteboka frå tingingane vert det òg gjeve retningsliner for kva beløp som er rimeleg kompensasjon for relevant realkompetanse. Målet med kartlegginga er å møte utfordringane med å halde på, rekruttere og forvalte eiga arbeidskraft.

Eg konstaterar at mange tilsette i Kvam, og sikkert elles i kongeriket, ventar seg mykje av desse vurderingane.²² Eg meiner dei vil auke lønsumutgiftene, men utan å virke utjamnande.²³

7.3.2 Likelønnskommisjon

I 2008 la likelønnskommisjonen fram sin rapport *Kjønn og lønn*.²⁴ Der vert det mange oppfattar som urimelege lønsskilnader mellom det like mange oppfattar som likeverdige yrker, analysert, og framlegg til utjamning skildra.

²¹ Eg legg ut lenke til rapporten på heimesida til Kvam herad

²² Realkompetansevurderinga er ikkje berre kostnadsdrivande gjennom venta auke i lønsumutgiftene. Reforma er òg kostnadsdrivande ved at heradet er pålagd ei oppgåve det ikkje kan vri seg i frå, og som krev ressursar som berre kan skaffast ved omprioriteringar (jfr. avsnitt 7.1 om statlege reformer, skjønt i dette tilfellet ei "KS-reform").

²³ Årsaka er at også dei med lang utdanning, og dermed ofte høgast løn, òg har høg realkompetanse. Og skal kompensasjon for realkompetanse gjelde alle, vil også dei få sin del av kaka.

²⁴ NOU 2008:6.

Kommunane har i dag det mange vil hevde er eit urimeleg skilje mellom ingeniørar (menn), med årsløn på om lag 400 tusen, og sjukepleiarar (kvinner), med årsløn på om lag 360 tusen. Skilnaden er dels resultat av historikk og dels av at ingeniørane til no har hatt større marknadsmakt enn sjukepleiarane. Her er det grunn til å vente endringar.

Men likelønsløftet vil ikkje berre glede sjukepleiarane, no skal nær sagt alle med.

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen var innom det meste i sin tale til landsmøtet i Utdanningsforbundet. Flere lærere per elev per skole, høgere status til lærerne, betre lærerutdanning, mer etterutdanning og *likelønsløft* (mi utheving).
Nasjonen. 9. november 2011

Kvinner tener mindre enn menn, og kommunane er i stigande grad ein kvinnearbeidsplass. Ingen bør derfor vere i tvil om at ein likelønspolitikkk vert kostbar for kommunane.

7.3.3 Lite attraktive stillingar

Den tredje årsaka til at eg trur løningane vil stige er at distriktskommunar i aukande grad vil slite med å rekruttere og halde på kvalifisert arbeidskraft.

Det gjer heradet alt i dag. Ni avdelingar i barnehagane vert drivne på dispensasjon fordi det ikkje er råd å skaffe nok førskulelærarar. Det er òg tungt å skaffe vikarar i skulen. Og kampen om pleiarane vert ytterlegare spissa når eldrebølja og ”verdigheitsgarantien” slår inn for fullt.

7.4 Kostnadsdrivande strukturar og standardar

Nokre kostnadsdrivarar er så innarbeidde at mange er blitt blinde for dei i kvardagen.

Det var desse kostnadsdrivarane Einar Førde tenkte på då han uttalte at ”dei døde styrar oss frå grava”. Med det meinte han at for lengst etablerte strukturar styrar ressursbruken. Om dette er eit gode eller ei, handlar om kva samfunn ein vil ha.

Eit døme er spørsmålet om det er rett å ha barnehage i alle bygder og skulefritidsordning på alle skular. Kostar dette meir enn det smakar?

Eit anna døme er eldreomsorga. Opplagt er dagens struktur, der sengeplassane er fordelte på fleire institusjonar og bygg, dyrare enn om heradet for fleire år tilbake hadde samla alle 69 sengene som i dag er i bruk i eitt bygg (”Kvammaheimen”), lagt to brukarar på kvart rom, etablert eitt og berre eitt kjøkken og ein stor matsal, og ikkje tilsett fleire pleiarar og assistentar enn høgst nødvendig (altså omtrent som i dag, vil ironikarane her skyte inn).

Nå har ”dei døde”, for å halde meg til Førdes ord, altså styrt utviklinga annleis, og det er særst tung å reversere ho. Han som gjer eit tappert forsøk, vil møte motsegn frå bygdeforsvarar, fylkeslege, riksrevisjon og ei kritisk ålment. For omsorg handlar ikkje berre om logos (korleis få meir for pengane?), men òg etos (kven vi er, kven vi vil framstå som?).

Så langt eg veit, har standarden på dei kommunale tenestene god støtte i Kvam. Få klagar.

På fleire felt er Kvam forut for andre kommunar. Skjønt ikkje lengre forut enn at dei andre snart vil måtte nå vårt nivå, med staten som pådrivar.

Staten vil vere både ein direkte pådrivar, ved mellom anna å stille nye krav til minstestandardar, og ein indirekte pådrivar, ved å stramme kommuneøkonomien slik til at strukturendringar tvingar seg fram. I Kvinnherad har 13 tusen innbyggjarar 28 skular til disposisjon, på Voss deler 14 tusen på 16 skular. Dei problema som Kvam har løyst, skyver andre framfor seg.²⁵

7.5 Ein kostnadsdrivar på investeringsfeltet

Den siste kostnadsdrivaren eg vil nemne høyrer ikkje til drifta, men investeringane. For ut i frå omsynet til rettviss fordeling mellom grendene, legg skulebygga i Øystese og Strandebarm rimelegvis lista for skulebygget som skal reisast i Norheimsund — symjebassenget inkludert.

²⁵ Då eg sist vinter i ei samling for rådmennene i Hordaland innleia om erfaringar frå skulesaka i Kvam, merka eg meg at representanten frå Kvinnherad noterte ivrig og med stor flid.

Det betyr at heradsstyret må førebu seg på at innbyggjarane i Norheimsund fram til hausten 2011 temporært vil konvertere frå nøyereknande lokalpatriotar med aversjon mot frilynt arkitektur, til idérike institusjonsbyggjarar med vilje til å reise symbolmetta signalbygg.

Eg meiner det vil vere ei lukke for Kvam om konverteringa vert permanent.

7.6 Interkommunalt samarbeid

Før eg avrundar vil eg kort rapportere om framdrifta i det interkommunale samarbeidet i Hardanger. Eg gjer det ved å vidareformidle meldinga som eg mottok frå rådmannen i Ullensvang etter sist møte i Hardangerrådet.

Eg var på møte i Hardangerrådet 15.10, der eg la fram rådmennene sine tankar om vidare administrativt samarbeid mellom Hardangerkommunane. Ordførarane var svært positive og bad rådmennene arbeida vidare med saka. Me vart samde om at eg skulle oversenda ei enkel formulering som rådmennene kunne få med i sine budsjettvedtak slik at det vidare arbeidet vart forankra politisk.

Rådmennene møtes på nytt 13. november i Ulvik. Då ynskjer eg at me einast om sju felt for tenesteutveksling, og at rådmennene utgreiar kvar sitt felt. Når utgreiingane er på bordet, vert dei lagt fram for dei sju kommunestyra — venteleg til våren.

Eg ventar ikkje store innsparingar i 2010, men eg ventar eit betre klima mellom kommunane, som kan bane veg for større innsparingar seinare.

8. Rik stat treng fattige kommunar

Dette framlegget til budsjett vil sjølvsagt møte stor motstand. Eg legg ingen prestige i tilrådinga. Alt eg ynskjer er at budsjettet eg skal styre etter i 2010 er realistisk og forståeleg. Kommunar i liknande situasjon som Kvam er i no, grip stundom til kortsiktige, moteprega, nærast desperate, grep, i håp om å betre styringa, eller i det minste utsetje vanskelege vedtak til staten løyver meir.

Kommunane kjem ikkje alltid like godt ut av desse grepa. Byrådet i Bergen kutta for fem år sidan fleire ledd i hierarkiet i von om effektivisering og betre tider. Grepet vart i vår vurdert av Agenda Utredning, som skriv:

Helse- og sosialtjenesten i Bergen har en svært flat organisasjonsmodell – langt flatere enn vi finner i flere av de andre storbykommunene. Denne organiseringa gir utydelige styringssignal, mange aktører med uklare roller mellom linjeledelse, forvaltningsenheter (dvs operative enheter, min anmerking) og stabsfunksjoner. (Frå rapporten eg refererte i avsnitt 2.4.1).

Bergen bygger no opp att hierarkiet sitt ved å tilsette mellomleiarar med tydeleg ansvar og mynde, og høveleg kontrollspenn. Folkeleg uttrykt kjem ”alle dei på rådhuset” attende til kontora sine, lokalvarianten av JIF-Universal er altså gått ut på dato.

Kva skal så kommunane gjere?

Første bod, meiner eg, er å forstå sin skjebne. Den er presist skildra av Anne Lise Fimreite.

Fordi kommunene skal iverksette velferdspolitikken fører både den nasjonale overbudspolitikken og befolkningens krav til et redusert lokalt handlingsrom. Det er på lokalt plan at kravene først og fremst må ses i forhold til hverandre. Dermed blir det overlatt til kommunene med folkevalgt ansvar for et vidt spekter av oppgaver, å foreta den reelle prioritering i velferdsstaten. Når de samlede krav, fremsatt av stat og individ, blir uoverstigelige, blir det opp til kommunene å avgjøre hvem som faktisk skal være nummer en, to, tre og sist på tildelingslisten. For mange, kanskje de fleste kommuner vil dette prioriteringsansvaret i dagens situasjon innebære at det må foretas nedskjæringer i tjenestetilbudet, enten innenfor en sektor eller i det totale tilbudet. Kommunene må utøve en negativ form for ”tilpasning” i velferdsstatens tjenestetilbud gjennom å avbalansere statens og innbyggernes samlede krav, slik at de kan holdes innenfor en ”akseptabel” offentlig ramme. Staten er dermed ikke bare avhengig av kommunene for å løse stadig mer spesifiserte sektoroppgaver, den er også avhengig av kommunenes samordningsmuligheter for å bremse presset mot offentlig sektor. Av det følger forklaringen på at en rik stat trenger en fattig kommunesektor.

Anne Lise Fimreite.

Konsekvensen av dette for lokalpolitikarane vart, slik eg ser det, godt presist formulert av sosiologane Thor Øivind Jensen og Trond Blindheim i ein artikkel i Dagbladet:

Politikerne styrer ikke havet, og de vet heller ikke helt hvor skuta skal. De har nok med å holde den flytende. Det er det de kan.

21. februar 2006

Og rådmannen har det om lag som politikaner, rimelegvis. Kort sagt; det er ikkje i kommunane du finn makta i det norske samfunnet. Der finn du jamt over dei lydige ekspeditørane.

Kvam ville ikkje ha avvike stort frå andre kommunar, om ikkje ekspeditøren i ein oppglødd augneblink hadde skifta frå kommunegrå lagefrakken til smoking (med sløyfe) for raust å løyse ein bitter skulestrid.

No kjem rekninga. Den vil svi dei første åra, men festen er langt frå over. Om godane heretter vert fordelt rettvis og med strategisk kløkt, kan kvemmingane gle seg over framifrå skular, barnehagar og sjukeheimar – og dertil symjebasseng nok til halve Hordaland. Det kunne vore verre.

9. Epilog, eller kor vert det av dei verkeleg modige grepa, rådmann?

Sant nok, det er råd å endre budsjettframlegget mitt, med kløkt og kreativitet, utøvd i ein politisk kultur prega av forhandlingar, sjølvpålagde avgrensingar, mekling og kompromiss.

Det var nettopp for å stimulere dette at KOSTRA- notata vart forfatta. Politikaner i Kvam har gjennom desse eit historisk tidleg og godt innsyn til tenestene, som, for fleire tenesters del, dertil i to år har vore presentert og drøfta i tenesteutvalet, også det ei historisk nyskaping i denne valperioden.

Eg *har* vurdert å utsetje fleire investeringsprosjekt, innføre leige for bruk av kommunale idrettsanlegg, avvikle barnehagen i Tørvikbygd og samla alle barneskuleelevane i sentrale strok i Norheimsund etter mal frå Kvam ungdomsskule.

Men eg fann ikkje desse ideane gode nok, og søker etter betre. Eg er viss på at dette framlegget vil framprovosere fleire idear. Må dei virke samlande og rettvis!

--- o0o ---

2 Rammeområda samla

Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på vedteke KOSTRA – tema for Kvam herad:

Hovudoversikt drift 2010. Fordelt på Kostra-tema									
Tema (i 1000 kr)	2. tertial 2009		Budsjett 2010						
	Br. utg. 2009	Netto utg 2009	Br. utg. 2010	Inntekt 2010	Finans 2010	Motpst avskr 2010	Fond 2010	Netto utg 2010	Endring 2009/2010
Politisk verksemd	4 435	4 224	4 684	-371	0	0	0	4 313	89
Adm. og fellesutgifter	30 428	19 586	26 801	-4 613	20	0	-230	21 978	2 392
Barnehagar	58 083	15 694	59 512	-39 440	0	0	0	20 072	4 378
Grunnskule	137 249	123 483	139 325	-14 764	0	0	0	124 561	1 078
Kommunehelse	29 822	22 595	30 339	-8 127	0	0	0	22 212	(383)
Pleie- og omsorgstenesta	176 503	143 128	182 450	-27 746	0	0	0	154 703	11 576
Sosialteneste og NAV	24 500	21 643	27 343	-5 176	10	0	0	22 177	533
Barnevern	11 622	11 205	12 034	-469	0	0	0	11 565	360
Bustader	14 233	-3 524	14 656	-17 319	925	0	-850	-2 588	935
Plan	13 751	8 667	14 624	-7 130	0	0	-600	6 894	(1 773)
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	14 158	-14 561	14 262	-25 853	-1 000	0	3 281	-9 310	5 251
Brann og ulykkesvern	7 608	5 992	7 761	-1 676	0	0	0	6 085	93
Samferdsle og grøntanlegg	14 304	12 126	13 700	-2 232	0	0	0	11 468	(658)
Vatn avløp og renovasjon/avfall	17 419	0	17 027	-20 352	0	0	802	-2 523	(2 523)
Kultur	22 271	16 241	16 607	-4 270	0	0	-530	11 808	(4 433)
Kyrkje	5 587	5 073	4 878	-13	0	0	0	4 865	(208)
Skatt og rammetilskot	0	-362 042	0	-392 909	0	0	0	-392 909	(30 867)
Finans	-650	3 488	0	0	17 691	0	15	17 706	14 218
Løn til fordeling	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Motpost avskrivningar	0	-33 019	0	0	0	-35 483	0	-35 483	(2 464)
Sum	581 321	0	586 002	-572 459	17 646	-35 483	1 888	-2 406	(2 406)

Premissar for driftsbudsjettet 2010:

- Innsparingskrava frå 2009 er i hovudsak vidareført i 2010.
- Lønsvekst med 5,0 % frå 1.5.2010.
- Innføring av eigedomsskatt i heile heradet med 3,0 promille.
- Prisindikatoren i nasjonalbudsjettet er 3,1 %, fordelt med ein lønsvekst på 3,5 % og varekjøp på 2,4 %.

Politisk verksemd

Politisk verksemd					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
100 Politisk styring og kontrollorgan	3 020	3 728	3 612	3 604	116
110 Kontroll og revisjon	358	585	612	612	-27
Politisk verksemd	4 846	4 313	4 224	4 215	89

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (netto auke med 0,1 mill. kr.):

- *Funksjon 100 Politisk styring* har samla sett ein auke på 0,1 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Auke av ordføraren sitt honorar med 5 % og kr. 100.000 til frikjøp av folkevalde (øyremerka Hardangertunellen.)
 - Andre lønsutgifter er reduserte som følgje av at det ikkje er stortingsval i 2010.
 - Auke i utgifter til utskifting av PC-ar til politikarane og dekning av kommunikasjonsutgifter (breiband) og reduksjon i diverse driftsutgifter som følgje av at det ikkje er stortingsval i 2010.
- *Funksjon 110 Kontroll og revisjon* har samla sett ein liten reduksjon på grunn av endra fordeling av interne kostnader.

2.1 Administrasjon, styring og fellesutgifter

Adm. og fellesutgifter					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
120 Administrasjon	28 665	32 687	28 021	27 547	4 665
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	3	689	0	0	689
130 Administrasjonslokale	1 539	1 700	1 639	1 640	60
170 Premieavvik	-14 965	-14 730	-11 476	-11 476	-3 254
180 Diverse fellesutgifter	236	1 633	1 408	12 331	225
190 Interne serviceeiningar	0	0	-7	-8	7
Adm. og fellesutgifter	15 479	21 978	19 586	30 034	2 392

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (netto auke med 2,4 mill. kr.):

- *Funksjon 120 Administrasjon* aukar med netto 4,7 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Auke i lønskostnader bl.a. heilårsverknad av 2 nye stillingar på økonomikontoret, lønsvekst med 5 % frå 01.05.2010 og rettingar mellom funksjonar og rammer slik at budsjettet (og rekneskapen) er i samsvar med Kostra – rettleiaren.
 - Utgiftene til kjøp av varer og tenester aukar p.g.a.
 - Auke i medlemskontingentar til bl.a. innkjøpssamarbeid med Bergen kommune og auka medlemsskap i Hordaland kommunale rekneskapskontroll og auka kontingent i KS
 - Auke i juridisk bistand pga auka fokus på offentlege innkjøp
 - Overføring til NAV som gjeld Kvam herad sin del av løn og drift av NAV – kontoret i samsvar med avtale. (Flytting frå annan funksjon).
 - Auke i avskrivingar.
 - Søknader om tilskot og andre øyremerka midlar skal auka inntektene og såleis finansiera deler av ei stilling under rådmannen.
- *Funksjon 121 Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga* har ein auke på 0,7 mill. kr. som følgje av:
 - Overføring av stilling frå FDV som skal arbeida med ulike prosjekt i stabsfunksjonen Prosjekt
- *Funksjon 170 Premieavvik* har ein inntektsauke på 3,2 mill. kr. i 2010 basert på prognosane frå pensjonsleverandørane.
- *Funksjon 180 Diverse fellesutgifter* aukar med 0,2 mill. kr. og gjeld avsett lønsjustering i 2010 som ikkje er fordelt på andre funksjonar.

2.2 Barnehagar

Barnehagar					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
201 Førskule	9 483	9 789	9 855	8 733	-66
211 Styrka tilbod til førskuleborn	2 097	4 557	1 825	1 874	2 733
221 Førskulelokale og skyss	3 772	5 726	4 015	3 794	1 711
Barnehagar	15 352	20 072	15 694	14 401	4 378

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (samla auke på 4,4 mill. kr.):

- *Funksjon 201 Førskule* - har ein reduksjon på 0,1 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Reduserte lønskostnader, lønsjusteringar og mindre auke i andre driftsutgifter.
 - Inntektene er redusert som følgje av mindre foreldrebetaling og statstilskot etter opning av den nye private barnehagen i Norheimsund.
 - Kommunalt tilskot til Sandven FUS barnehage er sett til 0,6 mill. kr
- *Funksjon 211 Styrka tilbod til førskuleborn* - har ein auke med 2,7 mill. kr. Blant årsakene kan nemnast:
 - Reduserte inntekter (refusjonar) frå staten og auka utgifter til spesialundervisning og ekstrarhjelp.
 - Andre driftsutgifter er reduserte.
 - *Funksjon 221 Førskulelokale og skyss* – aukar med 1,7 mill. kr. Mesteparten av endringane gjeld omfordeling av FDV – utgiftene slik at dei er meir i samsvar med faktisk forbruk.

Andre opplysningar:

- Investeringar i barnehagane er omtalt under Drifts – og investeringsprosjekt i budsjett 2010.

2.3 Grunnskuleopplæring

Grunnskule					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
202 Grunnskule	79 368	92 261	88 799	83 872	3 462
213 Vaksenopplæring	2 800	3 577	3 912	3 822	-335
214 Spesialsular	0	3	0	0	3
215 Skulefritidstilbod	1 431	1 911	2 029	1 700	-118
222 Skulelokaler	15 948	20 281	21 063	22 189	-782
223 Skuleskyss	1 588	2 359	2 159	2 150	200
383 Musikk- og kultursular	4 219	4 169	5 521	5 363	-1 352
Grunnskule	105 354	124 561	123 483	119 096	1 078

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (netto auke med 1,1 mill. kr.):

- *Funksjon 202 Grunnskule* - auka netto med 3,7 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Auke i lønskostnader pga lønsjusteringar, pensjon og arbeidsgivaravgift.
 - Det er lagt inn krav om reduksjon av 4 årsverk frå hausten 2010 som følgje av gjennomgang av ressurstildelinga. Det vil verta innhenta ekstern hjelp til vurdering av ressurstildelinga vinteren 2010.
 - Auke i kjøp av varer og tenester til blant anna lærebøker.
 - Auke i kommunalt driftstilskot til Kvam kristne skule (KKS) med 0,25 mill. kr. til 1,1 mill. kr. Midlane skal dekkja norskopplæring for framandspråklege, morsmålsundervisning, spesialundervisning og assistentarbeid.
 - Auke i kjøp av tenester hjå andre kommunar, overføring til andre kommunar og overføring til andre. Dette gjeld bl.a. elevar frå Kvam som får grunnskuletilbod i andre kommunar.
 - Auke i inntektene som følgje av auka refusjonar frå andre kommunar (gjesteelevar i Kvam), refusjonar for sjukeløn og fødselspengar.
- *Funksjon 213 Vaksenopplæringa* – reduksjon med 0,3 mill. kr. Årsakene til dette er auke i øymerke inntekter frå staten.
- *Funksjon 215 Skulefritidstilbod (SFO)* – reduksjon med netto 0,1 mill. kr. pga prisauke i brukarbetalinga og fordi det er fleire som nyttar seg av tilbodet då det er oppretta SFO i Steinsdalen frå hausten 2009.
- *Funksjon 222 Skulelokale* – reduksjon med netto 0,8 mill. kr. som fordi FDV – utgiftene er omfordelte mellom funksjonane slik at det er betre samsvar mellom budsjett og rekneskap.
- *Funksjon 223 Skuleskyss* – auke med 0,2 mill. kr. i høve til 2. tertial 2009.
- *Funksjon 383 Musikk- og kultursular* har ein netto reduksjon med 1,4 mill. kr. etter framlegg om 2 mill. kr. i innsparing på årsbasis med halvårsverknad frå hausten 2010.

2.4 Kommunehelse

Kommunehelse					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
232 Førebyggjing - skule og helsestasjonsteneste	4 924	5 593	5 405	5 337	188
233 Anna førebyggjande helsearbeid	2 974	3 387	3 314	3 066	73
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	12 459	13 232	13 876	13 534	-644
290 Interkommunalt samarbeid	8	0	0	0	0
Kommunehelse	20 366	22 212	22 595	21 937	-383

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (reduksjon med 0,4 mill. kr.):

- *Funksjon 232 Førebyggjing – skule- og helsestasjonsteneste* - auka med 0,2 mill. kr. som gjeld mindre lønsjusteringar.
- *Funksjon 233 Anna førebyggjande helsearbeid* - netto auke med 0,1 mill. kr. etter lønsjusteringar, auke i driftsutgifter og auka inntekter (øyremerka tilskot og sjukelønsrefusjonar).
 - 0,7 årsverk som Utekontakt er teke bort frå 1.7.2010.
- *Funksjon 241 Diagnose, behandling, rehabilitering* – redusert med netto 0,6 mill. kr. som følgje bl.a.:
 - Nedlegging av Strandebarm legekantor frå 01.07.2010.
 - Tilsynslege overført til funksjon 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon.
 - Auke i kommunale driftstilskot til fysioterapeutane som følgje av sentralt reforhandla avtale i 2009.
 - Auke i legevakttenesta pga løn, men også andre mindre endringar i innkjøp og refusjonar.
 - FDV – utgiftene vert reduserte som følgje av nedlegging av Strandebarm legekantor.

Andre opplysningar:

- Nedlegging av Strandebarm legesenter frå 01.07.2010 medfører ein reduksjon på 0,6 mill. kr. samanlikna med budsjettert nettoutgift for 2009. Heilårsverknaden er ca 1,2 mill. kr.
- I tillegg kan ein vurdera å selja eigedomen og nytta midlane til nedbetaling av lån eller andre investeringar.

2.5 Pleie- og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
234 Aktivisering eldre og funksjonshemma	8 703	10 332	9 740	8 710	592
253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	55 402	59 171	52 146	50 162	7 025
254 Pleie, omsorg, hjelp i heimen	62 612	76 927	73 348	71 656	3 579
261 Institusjonslokaler	8 044	8 272	7 894	7 906	378
Pleie- og omsorgstenesta	134 761	154 702	143 128	138 433	11 575

Forklaring til endringer i budsjett 2010 (netto auke med 11,6 mill. kr.):

- *Funksjon 234 Aktivisering eldre og funksjonshemma* - har auka med 0,6 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Styrking av aktivitetstilbodet og lønsjusteringar, auke i kjøp av varer og tenester, men også auke i inntekter frå brukarbetalingar, tilskot og andre overføringar.
- *Funksjon 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon* – aukar med netto 7,0 mill. kr. Dette kjem av følgjande endringar:
 - Auke i lønskostnadane pga lønsjusteringar og overføring av tilsynslege institusjonar frå funksjon 241 Diagnose, behandling, rehabilitering.
 - Auke i kjøp av varer og tenester, bl.a. til medisinsk utstyr.
 - Vidare er det reduksjon i kjøp av tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon, overføringar til andre og i inntekter frå brukarbetalingar på grunn av færre senger og sal av mat.
- *Funksjon 254 Pleie, omsorg, hjelp i heimen* – har auka med 3,4 mill. kr. Endringa kjem hovudsakleg av ein stor reduksjon i inntektene som følgje av endra refusjonsreglar for ressurskrevjande brukarar (vart for dyrt for staten), redusert sjukelønsrefusjon og andre tilskot.
- *Funksjon 261 Institusjonslokale* – netto auke med 0,4 mill. kr. som følgje av omfordeling av FDV – utgiftene i samsvar med faktisk bruk.

Andre opplysningar:

- Investering i solskjerming på Toloheimen. I 2. tertial 2009 vart det informert om at det ville kosta om lag 0,2 mill. kr. å på plass solskjerming. Dette er ikkje lagt inn i budsjettforslaget då det er kome fram at det vart sett inn vindauga med solskjerming i samband med opprusting av Toloheimen og at det som manglar er opplæring av dei tilsette til å bruka det utstyret som er installert. FDV har teke på seg denne opplæringa til våren.

2.6 Sosialteneste og NAV

Sosialteneste og NAV					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
242 Rådgeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	5 190	4 705	5 327	4 766	-622
243 Tilbod til personar med rusproblem	34	63	79	70	-16
273 Kommunale syssesetjingstiltak	3 510	4 218	3 768	3 758	450
275 Introduksjonsordning	4 144	6 788	6 064	6 048	725
276 Kvalifiseringsordning	15	0	0	0	0
281 Økonomisk sosialhjelp	6 782	6 403	6 053	6 053	350
282 Økonomisk hjelp til pensjonistar m.v.	0	0	0	0	0
285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	457	0	354	349	-354
Sosialteneste og NAV	20 132	22 177	21 643	21 044	533

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (netto auke med 0,5 mill. kr.):

- *Funksjon 242 Rådgeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid* – netto reduksjon med 0,6 mill. kr. som følgje av:
 - reduserte lønsutgifter på grunn av reduksjon av 1 årsverk. Det er 1 ledig stilling på NAV – kontoret som vert ståande vakant i 2010, men er lagt inn att frå 2011. Det er lagt inn ein stillingsauke med 1 årsverk til arbeid med flyktningar. Dette er naudsynt for å kunna busetja 30 flyktningar pr. år i samsvar med heradsstyret sitt vedtak. Stillinga er finansiert med integreringstilskot.
 - overføring til NAV til dekning av leiarløn og kontorutgifter er flytta til funksjon 120 Administrasjon i samsvar med Kostra – rettleiaren.
- *Funksjon 243 Tilbod til personar med rusproblem* – marginal netto reduksjon som følgje av auka tilskot frå staten. Her er ei stilling prosjektfansiert (LAR). Truleg vil tilskotet falla bort frå 2011 og då er det forventat at heradet finansierer tiltaket sjølv.
- *Funksjon 273 Kommunale sysselsetjingstiltak* – netto auke med 0,45 mill. kr. Forklaringa på dette er bl.a. auka tilskot til Storeholmen med 0,2 mill. kr. og auke med 0,5 årsverk som er flytta frå anna teneste.
- *Funksjon 275 Introduksjonsordning* – netto auke med 0,7 mill. kr. pga auka bruk av introduksjonsstønad – dette har også ei tilsvarande inntektsside, jfr. funksjon 850 Generelle statstilskot vedk. flyktningar.
- *Funksjon 281 Økonomisk sosialhjelp* – netto auke med 0,35 mill. kr. og gjeld auka stønad til livsopphald.
- *Funksjon 285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde* – netto reduksjon med 0,4 mill. kr. og gjeld flytting av inntekter til denne funksjonen frå bl.a. 202 Grunnskule. Dette gjeld leirskuleinntekter.

2.7 Barnevern

Barnevern					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
244 Barnevernteneste	4 036	5 157	4 027	4 014	1 130
251 Barneverntiltak i familien	2 957	2 601	3 102	2 901	-501
252 Barneverntiltak utanfor familien	3 749	3 807	4 075	4 068	-269
Barnevern	10 742	11 565	11 205	10 983	360

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (netto auke med 0,4 mill. kr.):

- *Funksjon 244 Barnevernteneste* – netto auke med 1,1 mill. kr. som følgje av at Kvam og Voss familiesenter vart nedlagt i 2009. Heradsstyret vedtok i 2009 å oppretthalda Kvam familievernkontor. Heilårsverknaden kjem fram i 2010, men jamfør også funksjon 251 Barnevernstiltak i familien som har fått ein reduksjon som følgje av dette.
- *Funksjon 251 Barneverntiltak i familien* – netto reduksjon med 0,5 mill. kr. som følgje av at Kvam herad ikkje lenger kjøper ytingar hjå Kvam/Voss familiesenter.
- *Funksjon 252 Barneverntiltak utanfor familien* – netto reduksjon med 0,3 mill. kr. som følgje av redusert fosterheimsgodtgjering og reduserte kjøp frå staten.

2.8 Bustader

Bustader					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
265 <i>Kommunalt disponerte bustader</i>	-3 598	-3 619	-4 647	-5 287	1 029
283 <i>Bistand til etabl. av eigen bustad</i>	1 159	975	1 075	475	-100
315 <i>Bustadbyggjing og fysiske bumiljøtiltak</i>	302	55	49	50	7
Bustader	-2 136	-2 588	-3 524	-4 762	935

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (netto auke med 0,9 mill. kr.):

- *Funksjon 265 Kommunalt disponerte bustader* - har ein netto reduksjon i inntektene på 1,0 mill. kr. som følgje av ny fordeling av FDV – utgiftene slik at dei er meir i samsvar med rekneskapen. Husleigeinntektene aukar med 0,3 mill. kr. i 2010 som følgje av prisauke.
- *Funksjon 283 Bistand til etablering av eigen bustad* – netto reduksjon på 0,1 mill. kr. på grunn av litt lågare renteutgifter til etablerings- og startlån i 2010.

2.9 Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

Plan					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
301 <i>Plansaksbehandling</i>	4 038	4 350	5 232	4 845	-882
302 <i>Byggje-, delings- og seksjoneringssaker</i>	1 389	489	1 139	771	-650
303 <i>Kart og oppmåling</i>	1 940	2 054	2 296	1 949	-241
Plan	7 367	6 894	8 667	7 565	-1 773

Forklaring til endringer i budsjett (netto reduksjon med 1,8 mill. kr.):

- *Funksjon 301 Plansaksbehandling* – netto reduksjon med 0,8 mill. kr. som følge av reduksjon i kjøp av varer og tenester, bl.a. konsulentkjøp og netto auke inntekter som gjeld refusjonar frå andre kommunar (sal av geologtenester), refusjon for sjukeløn og fødselspengar.
- *Funksjon 302 Byggje-, delings- og seksjoneringssaker* – netto reduksjon med 0,65 mill. kr. på grunn av auke i gebyrinntektene med 0,7 mill. kr. pga grunn av auka gebyrsatsar. Dette skal dekke eitt nytt årsverk på planfeltet utover dei som er der i dag.
- *Funksjon 303 Kart og oppmåling* – netto reduksjon med 0,2 mill. kr. fordi 0,5 årsverk er overført til VA – området.

Andre opplysningar:

- Hausten 2009 sluttar 2 sakshandsamarar ved avdelinga for Byggjesaker og private planar. Desse vert erstatta med nye personar i løpet av vinteren.
- 1 stilling går ut i fødselspermisjon i januar og vert forsøkt erstatta ved intern flytting i permisjonstida.
- Det er lagt inn 1 ny stilling i 2010 som skal arbeide med gamle planar som hindrar vekst og utvikling og med private planar, tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak.
- Gebyrregulativet vert oppdatert i samsvar med nye lover (plan – og bygningslov, matrikkellov).
- Gebyra vert auka monaleg bl.a. for å finansiera ei ny stilling, jfr. framlegg til avgiftsbudsjett for 2010.

2.10 Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift

Næringsstøtte og komm. forretningsdrift					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
320 Kommunal næringsverksemd	-16 158	-14 158	-18 903	-37 902	4 745
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	3 995	3 616	2 981	2 722	635
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsu	2 171	856	735	1 148	121
360 Naturforvaltning og friluftsliv	941	375	626	444	-250
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	-9 051	-9 310	-14 561	-33 588	5 251

Forklaring til endringar i budsjett (reduisert inntekt 5,7 mill. kr.):

- *Funksjon 320 Kommunal næringsverksemd* – netto reduksjon i inntekter med 4,7 mill. kr. som følgje av reduserte inntekter frå sal av konsesjonskraft – basert på prognose frå Kvam kraftverk AS datert 27. oktober 2009.
 - Kvam herad har i dag ein eigen avtale med Statkraft om utbytte frå heimfall av Bjølvo kraftverk som går ut 31.12.2010. Noverande avtale gjev i 2009 eit utbyte på 4,5 mill. kr. Det vert no forhandla om ny avtale frå 1.1.2011. Kvam formannskap vart i møte 28.10.2009 orientert om status og framdrift i forhandlingane av advokatfirma Lund & Co, som leiar forhandlingane. Det er venta at ein ny avtale vil gje ei årleg auke i inntektene til Kvam herad på minst 10 mill. kr. under normale tilhøve.
- *Funksjon 325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet* – aukar med 0,6 mill. kr. på grunn av noko auke i driftsutgiftene, indeksregulering av nokre tilskot og reduserte inntekter. Tabellen under viser oversikt over faste tildelingar og avsette tilskot.

Diverse	Diverse(T)	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Endring frå 2009
N001	Reisemål Hardangerfjord AS	420 000	370 000	50 000
N002	Hardangerrådet	459 300	420 000	39 300
N003	Hardanger Fartøyvernssenter	480 000	480 000	-
N006	Lokalt reiseliv (koordinator)	180 000	180 000	-
N008	Harding Puls	80 000	80 000	-
N011	Skyssbåt Botnen	35 000	34 000	1 000
N018	Ålvik Vekst KF	1 000 000	1 000 000	-
N021	Internasjonalt arbeid	100 000	100 000	-
K109	Kulturbasert næring	300 000	300 000	-
	Næringsstilskot	500 000	500 000	-
Sum tilskot		3 554 300	3 464 000	90 300

- Kvam reiselivslag har søkt om 1,5 mill. kr. til dekning av gjeld og drift for 2010 – sesongen. Det er ikkje funne midlar til denne søknaden. Tilskotet på 0,18 mill. kr. til reiselivskoordinator er oppretthalde i budsjettframlegget.
- *Funksjon 329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling* – netto auke med 0,1 mill. kr. som følgje av at det i 2009 var fleire tilsette på Landbrukskontoret som var ute i permisjonar i løpet av 2009. Det er ikkje venta like mange permisjonar 2010.
- *Funksjon 360 Naturforvaltning og friluftsliv* – netto reduksjon med 0,25 mill. kr. på grunn av reduksjon av 0,25 årsverk og omfordeling av FDV – utgifter.

2.11 Brann og ulykkesvern

Brann og ulykkesvern					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
338 Førebyggjning av brannar og andre ulukker	591	661	678	752	-16
339 Beredskap mot brannar og andre ulukker	5 806	5 423	5 314	5 014	109
Brann og ulykkesvern	6 397	6 085	5 992	5 766	93

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (auke med 0,1 mill. kr.):

- *Funksjon 338 Førebyggjning av brannar og andre ulukker* – mindre endring i kjøp av varer og tenester.
- *Funksjon 339 Beredskap mot brannar og andre ulukker* – netto auke med 0,1 mill. kr. Lønsumgiftene aukar som følge av auke av vaktstyrken frå 3 til 5 mann i samband med flytting av brannbil frå Norheimsund til Oma og investering i ny, mindre brannbil i Norheimsund, sjå under prosjekt P60092 Fornyingsplan bilar/utstyr Teknisk.

2.12 Samferdsle og grøntanlegg

Samferdsle og grøntanlegg					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
333 <i>Kommunale vegar</i>	6 778	9 984	10 045	8 354	-61
334 <i>Kommunale vegar, miljø og trafikksikringstiltak</i>	314	467	531	678	-64
335 <i>Rekreasjon i tettstad</i>	1 125	1 017	1 550	1 530	-533
Samferdsle og grøntanlegg	8 217	11 468	12 126	10 562	-658

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (reduksjon i netto utgifter med 0,7 mill. kr.):

- *Funksjon 333 Kommunale vegar* – netto reduksjon med knappe 0,1 mill. kr. Blant årsakene til endringa er:
 - Auke i lønskostnader pga omfordeling innan teknisk sektor.
 - Reduksjon i kjøp av varer og tenester, hovudsakleg mindre kjøp av tenester til veg etter at rassikringa på Skutlabergvegen var ferdig i 2009.
 - Det er lagt inn 1,0 mill. kr. til Klyvevegen 2010 og 1,5 mill. kr. i 2011. Det vert utført strakstiltak for om lag 1,0 mill. kr. her hausten 2009.
- *Funksjon 334 Kommunale vegar, miljø og trafikksikringstiltak* – netto reduksjon med knappe 0,1 mill. kr. på grunn av tilsett ute i permisjon.
 - *Funksjon 335 Rekreasjon i tettstad* – netto reduksjon med 0,5 mill. kr. pga omfordeling av FDV – utgifter og endringar i sjukelønsrefusjon.

Andre opplysningar:

- *Skredsikring av Klyvevegen*. I 2. tertial 2009 vart følgjande rapportert om skredhendingar langs Klyvevegen det siste året. Multiconsult AS har utarbeidd rapport. Oppgåver som lyt gjennomførast er reinsking, bolting, nedtaking av stor blokk og sikring av blokker. Samla kostnader var stipulert til 2,5 mill. kr. Mindre strakstiltak skulle gjennomførast hausten 2009 og resten 2010.
- I arbeidet med reinsking dukka det opp meir akutte problem som medførte av Klyvevegen måtte stengjast. Det vert difor utført sikringsarbeid for om lag 1,0 mill. kr. hausten 2009. Dette gjer at det varsla arbeidet i 2010 kan delast opp på fleire år.

2.13 Vatn, avløp og renovasjon/avfall (VAR)

Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
340 Produksjon av vatn	0	0	0	-1	0
345 Distribusjon av vatn	-1 655	-1 101	0	-7	-1 101
350 Avlaupsreinsing	0	0	0	-58	0
353 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn	-1 772	-1 207	0	-5	-1 207
354 Tømming av slamavskillere	0	0	0	0	0
355 Innsamling av avfall	0	0	0	0	0
357 Attvinning og slutthandsaming av avfall	-322	-216	0	-6	-216
Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)	-3 749	-2 523	0	-77	-2 523

Forklaring til endringer i budsjett 2010:

- VAR er eit eige budsjett i budsjettet og er inndelt i ulike avgiftsområde som skal balanserast over ein 5 – års periode. Det er store investeringar i VA – sektoren i planperioden, spesielt på Kvamskogen.
- Renovasjonsdelen vert handtert av BIR.
- Det er i budsjettframlegget for 2010 lagt inn auke i gebyra med 4,2 %. Unntak frå dette er avgiftsområde Kvamskogen der VA - gebyra er reduserte med kr. 150,- fordi det er tilstrekkeleg til å dekkja utgiftene for dette området.
- Det vert elles vist til avgiftsbudsjettet for 2010.

Note: VAR: BUD 2010

Tekst	Vatn		Kloakk		Slam	Avfall	Sum
	Vatn	Kv.sk	Kloakk	Kv.sk			
Direkte kostnader	3 747	686	1 840	813	1 686	206	8 979
- Refundert sjukeløn	-32	0	-12	0	0	0	-44
= Korrigerede direkte kostnader	3 716	686	1 828	813	1 686	206	8 935
+ Indirekte kostnader (Adm, lokaler etc)	623	332	542	310	167	0	1 974
- Frådrag for andre inntekter	0	0	0	0	0	-1 000	-1 000
+ Avskrivningar	1 992	1 317	1 105	1 227	0	435	6 076
+ Kalkulatoriske renter	546	555	503	704	0	216	2 523
=Avgiftsgrunnlaget (utgifter)	6 876	2 890	3 979	3 053	1 853	-143	18 508
Gebyrinntekter årsgebyr	-5 900	-2 005	-4 000	-2 005	-1 900	0	-15 810
Gebyrinntekter tilknytningsgebyrer	-500	-1 300	-400	-1 300	0	0	-3 500
Driftsinntekter	-6 400	-3 305	-4 400	-3 305	-1 900	0	-19 310
Driftsresultat VAR	476	-415	-421	-252	-47	-143	-802
Avsetning til fond	6 174	3 263	4 160	3 263	1 899	1 000	19 759
Bruk av fond	-6 650	-2 848	-3 738	-3 012	-1 852	-857	-18 957
Bruk /avsetning til fond	-476	415	421	252	47	143	802
=Finansiert frå driftrekneskapan	0	0	0	0	0	0	0

2.14 Kultur

Kultur					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
231 Aktivitetstilbod born og unge	1 182	953	867	867	87
365 Kulturminnevern	364	0	0	333	0
370 Bibliotek	3 201	3 230	3 233	3 205	-2
373 Kino	216	251	182	182	69
375 Museèum	666	840	809	785	31
377 Kunstformidling	529	716	711	706	5
380 Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	1 600	3 118	5 314	6 388	-2 196
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	3 622	1 074	2 427	1 629	-1 353
385 Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg	3 715	1 715	2 787	2 358	-1 072
386 Kommunale kulturbygg	197	-89	-89	-89	0
Kultur	15 292	11 808	16 241	16 364	-4 433

Forklaring til endringar i budsjett for 2010:

- *Funksjon 231 Aktivitetstilbod born og unge* – aukar med 0,1 mill. kr. på grunn av auke i nokre av overføringane til lag og organisasjonar. Tabellen under viser korleis mesteparten av midlane er tenkt disponerte.

Diverse	Diverse(T)	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Endring frå 2009
K046	Ungdommens Kulturmønstring	80 000	80 000	-
K023	Leiarutdanning	5 000	10 000	(5 000)
K024	Leikeplassar	90 000	100 000	(10 000)
K026	Organisasjonar	100 000	145 000	(45 000)
K031	Spesielle ungdomstiltak	120 000	140 000	(20 000)
K048	Ungdomsklubbar	40 000	40 000	-
K049	Tilskot Barne- og Ungdomslag	100 000	-	100 000
K058	Kvam Motorsportsenter (HST-017/02)	100 000	100 000	-
	Diverse tiltak	200 000	200 000	-
Sum tilskot		835 000	815 000	20 000

- *Funksjon 370 Bibliotek* – når det gjeld bibliotekfilialen i Øystese, står det i budsjettvedtaket for 2009 at rådmannen får i oppdrag å utgreia alternativ lokalisering etter at gjeldande leigeavtale i Hardangersenteret er omme. Ei eventuell flytting skal gje driftsinnsparing. Kvam herad er i skrivande stund i forhandlingar med eigaren av Hardangersenteret vedkomande leigeavtalen med bibliotekfilialen.
 - Samla sett bruka Kvam herad om lag 0,6 mill. kr. i husleige for biblioteka.
- *Funksjon 373 Kino* – netto auke med 0,1 mill. kr. på grunn av lønsjusteringar og leasingavtale i samband med digitalisering av kinoen frå 2010.
- *Funksjon 375 Museum* - Samarbeidsavtale mellom Kvam herad og Hardanger Voss Museum (HVM) er klar til gjennomføring. Kostnaden vert 0,8 mill. kr. pr. år. I tillegg vert støtta til HVM på kr. 10,- pr. innbyggjar vidareført.

- På bakgrunn av ein vedlikehaldsrapport er det ønskje om opprusting av Borgstova i Vikøy for 0,5 mill. kr. Det er ikkje funne midlar til dette tiltaket i 2010.
- *Funksjon 377 Kunstformidling* – marginal endring som gjeld lønsjusteringar. Tabellen under viser fordeling av tilskot.

Diverse	Diverse(T)	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Endring frå 2009
K016	Hardingtonar	75 000	75 000	-
K019	Kunstformidling	10 000	10 000	-
K023	Leiarutdanning	5 000	5 000	-
K028	Skulemusikk	120 000	120 000	-
K029	Song og musikklag	120 000	120 000	-
K118	Bygdalarm	75 000	75 000	-
Sum tilskot		405 000	405 000	-

- Både Bygdalarm og Hardingtonar har søkt om auke av tilskotet til kr. 100.000 for 2010, men det er ikkje funne dekning i budsjettet for desse ønskja.
- *Funksjon 380 Idrett og tilskot til andres idrettslag* – netto reduksjon på 2,2 mill. kr. som følgje av forventa innbetaling av spelemidlar til idrettsanlegget i Strandebarm med 2,5 mill. kr.
 - Netto utgiftsramme i 2010 er 3,1 mill. kr. Av dette utgjør avskrivningar 4,1 mill. kr.
 - Støtte til idrettslag er fordelt i høve til tabellen under.

Diverse	Diverse(T)	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Endring frå 2009
K004	Fordeling statstilskot	(2 500 000)	(1 000 000)	(1 500 000)
Sum spelemidlar		(2 500 000)	(1 000 000)	(1 500 000)
K009	Stipend	20 000	20 000	-
K012	Drift Anlegg	200 000	200 000	-
K013	Drift Turløyper	140 000	140 000	-
K014	Friluftsanlegg	200 000	100 000	100 000
K017	Idrettshus	40 000	40 000	-
K018	Idrettslag	280 000	280 000	-
K023	Leiarutdanning	25 000	25 000	-
K038	Idrettsanlegg	240 000	240 000	-
K106	Skiløyper Sjuseter	200 000	200 000	-
K111	Hardanger Golfklubb	40 000	40 000	-
K112	SIL grasbane	150 000	150 000	-
Sum tilskot		1 535 000	1 435 000	100 000

- Tilskota er auka med 0,1 mill. kr. og gjeld merking av turløyper på Kvamskogen.
- Sjusete skisenter har søkt om dekning av utgifter med reguleringsplan med kr. 187.000,- og kr. 36.000,- til arkeologiske utgravingar i samband med reguleringsplanen. Det er ikkje funne dekning for å støtta denne søknaden.
- *Funksjon 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg* – netto reduksjon med 1,4 mill. kr. som gjeld fordeling av FDV – utgifter mellom funksjonar slik at dei samsvarar betre med rekneskapen.
- *Funksjon 385 Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg* – netto reduksjon med 1,3 mill. kr. Dette skuldast bl.a. reduserte lønsutgifter ved at kultursjefen vert overført til investeringsprosjektet P50021 Regionalt kulturhus.

- Reduksjon i tilskot, jfr. bl.a. tabellen under. Nokre nye festivalar er lagt inn med fast tilskot i 2010. Mange av dei har også fått tilskot i 2009 og tidlegare, men då av ledige midlar på kulturbudsjettet.

Diverse	Diverse(T)	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Endring frå 2009
K009	Stipend	25 000	25 000	-
K011	Allment Kulturarbeid	130 000	200 000	(70 000)
K025	Nærmiljøtiltak	100 000	100 000	-
K027	Samfunnshus	200 000	250 000	(50 000)
K030	Spesielle prosjekt	100 000	100 000	-
K107	Hauge/Tveitt jubileum	-	200 000	(200 000)
K108	Kvammalokk	-	189 600	(189 600)
K110	Den kulturelle spaserstokken	-	-	-
K113	Hardangerlokk (HST-083/08)	480 698	329 200	151 498
K114	Hardanger kulturråd	40 000	-	40 000
K116	Regionshistorie Hardanger (HST-017/07)	120 000	240 000	(120 000)
K117	Jon Fosse - Jubileum	-	200 000	(200 000)
K119	Hardanger Båtfestival	25 000		25 000
K120	Ålvik Rock	20 000		20 000
K121	Hardanger frukt - og ciderfestival	25 000		25 000
K122	Kinck - dagane	10 000		10 000
K123	Messen, Ålvik	50 000	-	50 000
K124	Fyksesund landskapsark	30 000		30 000
		1 355 698	1 833 800	(478 102)

- K113 Hardangerlokk vert avslutta i 2010. Kvam herad har rimeleg leige av Messen i ytterlegare 3 år. Sjølvstendig kunstnarhus og arbeidsplass er under planlegging i samarbeid med Ålvik Vekst.

2.15 Kyrkje

Kyrkje					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
390 Den norske kyrkja	3 501	3 500	3 900	3 900	-400
392 Andre religiøse føremål	94	100	60	60	40
393 Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium	924	1 265	1 113	1 114	152
Kyrkje	4 519	4 865	5 073	5 074	-208

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (netto reduksjon med 0,2 mill. kr.):

- *Funksjon 390 Den norske kyrkja* – reduksjon med 0,4 mill. kr. pga grunn av at det i 2009 vart gjeve eit ekstraordinært tilskot til delvis dekking av opparbeidt underskot. Difor er det ingen endring i opphavleg tilskot.
- *Funksjon 392 Andre religiøse føremål* – det er gjort framlegg om å auka løyvinga slik at den er meir i samsvar med det som vert utrekna (basert på tilskotet vi gjev til Den norske kyrkja).
- *Funksjon 393 Kyrkjegardar, gravlundar krematorium* – her gjeld auken parkvesenet si yting til kyrkjegardane. Det faste tilskotet er uendra frå 2009 og er på 0,83 mill. kr.

Andre opplysningar:

- Det har i 2009 vore søkt om 0,5 mill. kr. til å gjera ferdig kyrkjeparken i Norheimsund. Rådmannen har svara at det ikkje er budsjettmidlar til dette. I framlegget for 2010 er det heller ikkje funne dekning for dette tiltaket. Det er i statsbudsjettet for 2010 nemnt at nokre av verkemidla frå tiltakspakken i 2009 skal vidareførast. Kva verkemiddel dette er, er førebels ikkje kjent, men kyrkjeparken vil stå høgt på lista om det skulle koma høvelege verkemidlar i 2010.
- Kyrkjeleg fellesråd har tilrådd å auka gravfesteavgifta med 2,5 % i 2010. Dette tilsvarar ein auke frå kr. 200,- pr. år til 205,- pr. år. Dette er noko lågare enn det heradet har auka sine gebyr med (4,2 %). Staten har auka sine gebyr generelt med 3,6 %.
- Budsjett for 2010 er førebels ikkje motteke, men vil verta gjort tilgjengeleg så snart det er motteke.
- Investeringsprosjektet P60055 Bårehus i Øystese er flytta til 2014.

2.16 Skatt og rammetilskot

Skatt og rammetilskot						
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010	
800 Skatt på inntekt og formue	-171 063	-206 641	-180 554	-184 445	-26 087	
840 Statlege rammetilskot og øvrige generelle statsti	-143 594	-172 588	-169 688	-163 449	-2 900	
850 Generelt statstilskot vedk. flykningar m.v.	-8 754	-13 680	-11 800	-11 800	-1 880	
Skatt og rammetilskot	-323 411	-392 909	-362 042	-359 694	-30 867	



Forklaring til endringar i budsjett for 2010 (auke med 30,4 mill. kr.):

- *Funksjon 800 Skatt på inntekt og formue* – netto auke med 26,1 mill. kr.
 - Innføring av eigedomsskatt i heile kommunen medfører auka inntekt på 15,0 mill. kr. basert på 3,0 promille og ei forsiktig vurdering av eigedomane. Botnfrådrag er ikkje teke omsyn til. Samla eigedomsskatt inkludert noverande eigedomsskatt vert såleis 27,5 mill. kr.
 - Skatt på eiga og inntekt vert 179,1 mill. kr. som er 11,1 mill. kr. meir enn i 2009 (2. tertial).
- *Funksjon 840 Statlege rammetilskot og øvrige generelle statstilskot* – netto auke med 2,4 mill. kr.
 - Det er lagt inn 0,5 mill. kr. i skjønstilskot for dekning av utgifter i samband med innføring av eigedomsskatt i samsvar med lovnad frå fylkesmannen.
 - Regjeringa sin tiltakspakke for 2009 er borte i 2010.
 - Tabellen under viser endringane i Statlege rammetilskot m.m.:

Konto	Konto(T) - tal i 1000	Budsjett 2010	Budsjett 2009	Endring frå 2009	Beskrivelse
18000	Rammetilskot frå staten	5 859	5 625	234	Distrikstilskot SørNorge
18000	Rammetilskot frå staten	9 906	8 640	1 266	Inntektsutjevning - korr. For "Bykletekket"
18000	Rammetilskot frå staten	135 159	128 223	6 936	Ord. Ramme.
18000	Rammetilskot frå staten		4 028	(4 028)	Tiltakspakken - auka frie innt/komp skattetap
18000	Rammetilskot frå staten	10 800	10 200	600	Skjønstilskot
18000	Rammetilskot frå staten	500		500	Skjønstilskot - innføring E-skatt
18100	Andre statlege overføringar	2 300	5 000	(2 700)	Husb. - rentekomp. Sjukeheim/omsorg
18100	Andre statlege overføringar	1 600	1 500	100	Husb. - rentekomp. Skule
18101	Vertskommunetilskot	6 464	6 472	(8)	LVSH i henhold til nettside
84000	Statlege rammetilskot og andre gen. statstilskot	172 588	169 688	2 900	

KS – prognose pr. oktober 2009:

Sjå neste side.



Utvida eiendomsskatt frå 2010 med 15,0 mill. kr. (3,0 0/00) er teke med i denne figuren.

2.17 Finans

Finans					
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Bud 2010	Rev. Bud 2009	Opphav. Bud 2009	Endring 2009/2010
870 Renter / utbyte og lån	18 126	17 706	17 917	37 893	-211
880 Interne finansieringstransaksjonar	-24 598	0	-14 429	-12 194	14 429
Finans	-6 472	17 706	3 488	25 698	14 218

Forklaring til endringar i budsjett 2010 (auke med 17,7 mill. kr.):

- *Funksjon 870 Renter/utbyte og lån* – netto auke med 3,3 mill. kr. som basert på følgjande føresetnader:
 - Avkastninga på obligasjonsporteføljen er sett til 3,5 % i 2010.
 - Rente på bankinnskott sett til 2,5 %.
 - Forventa utbyte frå Kvam Kraftverk AS er 10,0 mill. kr. (10,2 mill. kr. i 2009).
 - Forventa utbyte frå BKK er 8,1 mill. kr. (8,3 mill. kr. i 2009).
 - Flytande rente på lån er sett til 3,5 % på bakgrunn om varsla renteoppgang.
 - Om lag 60 % av heradet sine lån er på fast rente som varierer frå 2,75 til 4,85 %, gjennomsnittleg rente i 2010 er 3,86 %. Løpetida på dei faste rentene varierer frå 1 – 5 år.
 - Avdraga er sett til 3,5 % av låna med frådrag av etablerings- og startlån. Fylkesmannen tilrår 4,0 %, men minstekravet er 3,5 %.
- *Funksjon 880 Interne finansieringstransaksjonar* – endringa har samanheng med at vi i 2009 nytta disposisjonsfond til å saldera budsjettet med. Disposisjonsfonda er no tomme og det er føreslege å auka inntektene med eigedomsskatt for å saldera budsjettet.

3 Økonomisk oversikt

3.1 Hovudoversikt totalt 2010 - 2013

		Jus. bud				
DRIFTSINTEKTER		09	Bud 10	Bud 11	Bud 12	Bud 13
LN03	Brukarbetalingar	21	20	19	19	19
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	44	45	45	45	45
LN05	Overføringer med krav til motyting	100	87	82	81	82
LN06	Rammetilskot frå staten	157	162	162	162	162
LN07	Andre statlege overføringer	36	35	35	34	34
LN08	Andre overføringer	17	13	12	12	12
LN09	Skatt på inntekt og formue	168	179	179	179	179
LN10	Eigendomsskatt	13	28	28	28	28
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	3	4	4	4	4
LN12	Sum driftsinntekter	B	558	572	566	565
DRIFTSUTGIFTER						
LN14	Lønsutgifter	318	328	325	324	324
LN15	Sosiale utgifter	79	77	76	76	76
LN16	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	78	75	71	70	70
LN17	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	22	20	20	20	20
LN18	Overføringer	52	52	49	48	48
LN19	Avskrivningar	33	35	35	35	35
LN20	Fordelte utgifter	-2	-2	-2	-2	-2
LN21	Sum driftsutgifter	C	581	586	574	571
LN23	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-23	-14	-8	-7
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER						
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	31	25	24	24	24
LN26	Mottekne avdrag på lån	1	0	0	0	0
LN27	Sum eksterne finansinntekter	E	31	25	24	24
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	25	23	22	21	20
LN30	Avdragsutgifter	24	20	20	20	20
LN31	Utlån	0	0	0	0	0
LN32	Sum eksterne finansutgifter	F	49	43	42	41
LN34	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-18	-18	-18	-17
LN35	Motpost avskrivningar	33	35	35	35	35
LN36	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	-9	4	9	12
AVSETNINGAR						
Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk						
LN38	mindreforbruk	0	0	0	0	0
LN39	Bruk av disposisjonsfond	20	1	1	1	1
LN40	Bruk av bundne fond	19	21	20	20	19
LN41	Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0
LN42	Sum bruk av avsetningar	J	39	21	21	20
LN44	Overført til investeringsrekneskapet	0	0	0	0	0
LN46	Avsetningar disposisjonsfond	5	0	0	0	0
LN47	Avsetningar til bundne fond	25	23	23	23	25
LN49	Sum avsetningar	K	30	23	23	25
LN51	Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	L=I+J-K	0	2	6	9

Kommentar til tabell: I = L23 (D) + L34 (G) + L35 (motpost avskrivningar)

3.2 Budsjett 2010 – 2013 Hovudoversikt drift (ekskl. prosjekt og VAR)

DRIFTSINNTEKTER		Ordinær drift 09	Ordinær drift 10	Ordinær drift 11	Ordinær drift 12	Ordinær drift 13
LN03	Brukarbetalingar	21	20	19	19	19
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	24	25	25	25	25
LN05	Overføringar med krav til motyting	84	82	81	81	81
LN06	Rammetilskot frå staten	157	162	162	162	162
LN07	Andre statlege overføringar	36	34	34	34	34
LN08	Andre overføringar	16	12	12	12	12
LN09	Skatt på inntekt og formue	168	179	179	179	179
LN10	Eigendomsskatt	13	28	28	28	28
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	3	4	4	4	4
LN12	Sum driftsinntekter	B	521	545	544	544
DRIFTSUTGIFTER						
LN14	Lønsutgifter	313	325	323	322	322
LN15	Sosiale utgifter	78	76	76	75	75
LN16	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	64	66	65	65	65
LN17	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	21	18	18	18	18
LN18	Overføringar	48	48	48	48	48
LN19	Avskrivningar	28	29	29	29	29
LN20	Fordelte utgifter	-3	-3	-3	-3	-3
LN21	Sum driftsutgifter	C	548	560	555	553
LN23	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-26	-14	-11	-9
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER						
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	31	24	24	24	24
LN26	Mottekne avdrag på lån	1	0	0	0	0
LN27	Sum eksterne finansinntekter	E	31	24	24	24
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	25	23	22	21	20
LN30	Avdragsutgifter	24	20	20	20	20
LN31	Utlån	0	0	0	0	0
LN32	Sum eksterne finansutgifter	F	49	43	42	40
LN34	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-18	-19	-18	-16
LN35	Motpost avskrivningar	33	35	35	35	35
LN36	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	-12	2	6	10
AVSETNINGAR						
LN39	Bruk av disposisjonsfond	14	1	1	1	1
LN40	Bruk av bundne fond	1	1	1	1	1
LN42	Sum bruk av avsetningar	J	16	1	1	1
LN44	Overført til investeringsrekneskapet	0	0	0	0	0
LN46	Avsetningar disposisjonsfond	0	0	0	0	0
LN47	Avsetningar til bundne fond	4	4	4	4	4
LN49	Sum avsetningar	K	4	4	4	4
LN51	Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	L=I+J-K	0	0	4	8

3.3 Budsjett 2010 Økonomiske oversikt oppdelt

DRIFTSINNEKTER		Totalt bud	Herav		Ordinær drift	
		10	prosjekt	Herav VAR		
		10	10	10	10	
LN03	Brukarbetalingar	20	0	0	20	
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	45	0	20	25	
LN05	Overføringar med krav til motyting	87	5	0	82	
LN06	Rammetilskot frå staten	162	0	0	162	
LN07	Andre statlege overføringar	35	1	0	34	
LN08	Andre overføringar	13	1	0	12	
LN09	Skatt på inntekt og formue	179	0	0	179	
LN10	Eigendomsskatt	28	0	0	28	
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	4	0	0	4	
LN12	Sum driftsinntekter	B	572	7	20	545
DRIFTSUTGIFTER						
LN14	Lønsutgifter	328	0	2	325	
LN15	Sosiale utgifter	77	0	1	76	
LN16	tenesteproduksjon	75	5	5	66	
LN17	tjenesteproduksjon	20	0	2	18	
LN18	Overføringar	52	4	0	48	
LN19	Avskrivningar	35	0	6	29	
LN20	Fordelte utgifter	-2	0	1	-3	
LN21	Sum driftsutgifter	C	586	9	17	560
LN23	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-14	-2	3	-14
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER						
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	25	1	0	24	
LN26	Mottekne avdrag på lån	0	0	0	0	
LN27	Sum eksterne finansinntekter	E	25	1	0	24
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	23	0	0	23	
LN30	Avdragsutgifter	20	0	0	20	
LN31	Utlån	0	0	0	0	
LN32	Sum eksterne finansutgifter	F	43	0	0	43
LN34	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-18	1	0	-19
LN35	Motpost avskrivningar	35	0	0	35	
LN36	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	4	-1	3	2
AVSETNINGAR						
LN39	Bruk av disposisjonsfond	1	0	0	1	
LN40	Bruk av bundne fond	21	1	19	1	
LN42	Sum bruk av avsetningar	J	21	1	19	1
LN44	Overført til investeringsrekneskapet	0	0	0	0	
LN47	Avsetningar til bundne fond	23	0	20	4	
LN49	Sum avsetningar	K	23	0	20	4
LN51	Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	L=I+J-K	2	0	3	0

3.4 Budsjettskjema 1A

	Rek 2008	Oppr Bud 2009	Just Bud 2009	Bud 2010	Bud 2011	Bud 2012	Bud 2013
Driftsinntekter							
1. Skatt på inntekt og formue	-159	-171	-168	-179	-179	-179	-179
2. Ordinært rammetilskot	-134	-151	-157	-162	-162	-162	-162
3. Skatt på eigedom	-12	-14	-13	-28	-28	-28	-28
4. Andre direkte eller indirekte skatter	-3	-3	-3	-4	-4	-4	-4
5. Andre generelle statstilskot	-24	-37	-36	-35	-35	-34	-34
6. Sum frie disponible inntekter	-332	-375	-376	-407	-407	-406	-406
7. Renteinntekter og utbytte	-39	-28	-31	-25	-24	-24	-24
8. Renteutgifter, provisjon og andre finansut	33	30	25	23	22	21	20
9. Avdrag lån	25	19	24	20	20	20	20
10. Netto finansinntekter / -utgifter	19	21	19	18	18	17	16
12. Til ubundne avsetningar	29	5	5	0	0	0	0
13. Til bundne avsetningar	24	24	25	23	23	23	25
14. Bruk av tidlegare overskot	-4	0	0	0	0	0	0
15. Bruk av ubundne avsetningar	-35	-12	-20	-1	-1	-1	-1
16. Bruk av bundne avsetningar	-20	-21	-19	-21	-20	-20	-19
17. Netto avsetningar	-5	-4	-9	2	3	3	5
18. Overført til investeringsrekneskapet	0	0	0	0	0	0	0
19. Til fordeling	-319	-358	-366	-387	-386	-386	-385
20. Sum fordelt til drift (skjema 1B)	319	358	366	385	380	377	375
21. Rekneskapsmessig meirforbruk(+)/mindreforbruk(-)	0	0	0	-2	-6	-9	-10

Kommentar til tabellen: Tabellen viser korleis Kvam herad får sine inntekter og kva som står til disposisjon til tenesteproduksjon. Midlane vert fordelte i budsjettskjema 1 B (sjå neste tabell).

3.5 Budsjettskjema 1B

<i>Driftsinntekter ekskl. skatt og statstilskot</i>	<i>Rek</i>	<i>Oppr. Bud</i>	<i>Just Bud</i>	<i>Bud</i>	<i>Bud</i>	<i>Bud</i>	<i>Bud</i>
	<i>2008</i>	<i>09</i>	<i>2009</i>	<i>2010</i>	<i>2011</i>	<i>2012</i>	<i>2013</i>
LN03 Brukerbetalinger	21	21	21	20	19	19	19
LN04 Andre salgs- og leieinntekter	44	44	44	45	45	45	45
LN05 Overføringer med krav til motytelser	110	75	100	87	82	81	82
LN08 Andre overføringer	13	20	17	13	12	12	12
Sum driftsinntekter ekskl. skatt og statstilskot	B	188	160	182	166	159	158
Driftsutgifter							
LN14 Lønnsutgifter	289	304	318	328	325	324	324
LN15 Sosiale utgifter	70	80	79	77	76	76	76
LN16 Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal t	76	66	78	75	70	70	70
LN17 Kjøp av tjenester som erstatter kommunal tjenestep	26	20	22	20	20	20	20
LN18 Overføringer	48	50	52	52	49	48	48
LN19 Avskrivninger	23	33	33	35	35	35	35
LN20 Fordelte utgifter	-2	-2	-2	-2	-2	-2	-2
LN21 Sum driftsutgifter	C	530	551	581	586	574	570
Brutto driftsresultat, ekskl. skatt og statstilskot	D=B-C	-341	-391	-400	-420	-415	-413
Andre eksterne finansieringstransaksjoner						0	0
LN26 Mottatte avdrag på lån	0	1	1	0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån	E	0	1	1	0	0	0
LN31 Utlån	0	0	0	0	0	0	0
Sum utlån	F	0	0	0	0	0	0
Resultat andre eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	0	1	1	0	0	0
LN35 Motpost avskrivninger	23	33	33	35	35	35	35
Sum fordelt til drift (skjema 1A)	-319	-358	-366	-385	-380	-377	-375

4 Investeringar Kvam herad 2010 - 2013

4.1 Økonomisk hovudoversikt - investeringar

Økonomisk hovudoversikt – investeringsbudsjett 2010

INVESTERINGSINTEKTER		Bud10	Bud11	Bud12	Bud13	
LN03	Sal av driftsmidler og fast eiendom	1	5	1	1	
LN04	Andre salsinntekter	0	0	0	0	
LN05	Refusjonar	8	11	4	4	
LN06	Statlege overførningar	0	2	0	0	
LN07	Andre overførningar	0	0	0	0	
LN09	Sum inntekter	L 9	18	5	5	
INVESTERINGSUTGIFTER						
LN11	Lønsutgifter	1	0	0	0	
LN12	Sosiale utgifter	0	0	0	0	
LN13	Varer og tenester i kommunal eigenproduksjon	50	72	11	18	
LN15	Overførningar	8	11	2	5	
LN16	Renteutgifter og omkostningar	0	0	0	0	
LN18	Sum utgifter	M 59	84	13	22	
FINANSUTGIFTER						
LN19	Avdragsutgifter	1	1	1	1	
LN20	Utlån	10	10	10	10	
LN21	Kjøp av aksjer og andeler	0	0	0	0	
LN22	Avsetningar til ubundne investeringsfond	1	1	1	1	
LN23	Avsetningar til bundne fond	0	0	0	0	
LN25	Sum finanstransaksjonar	N 12	12	12	12	
LN26	Finanseringsbehov	O=M+N-L	62	78	21	29
FINANSIERING						
LN28	Bruk av lån	58	76	18	28	
LN29	Motteke avdrag på utlån	1	1	1	1	
LN31	Overførningar frå driftsrekneskapet	0	0	0	0	
LN32	Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	
LN33	Bruk av ubundne investeringsfond	3	0	1	0	
LN34	Bruk av bundne fond	1	1	1	1	
LN36	Sum finansiering	R 62	78	21	29	
LN38	Udekkja/udisponert	0	0	0	0	

Kommentar til investeringsrekneskapen:

Tabellen over viser det totale investeringsbudsjettet til Kvam herad. Investeringsprosjekt utgjør hovuddelen av investeringsbudsjettet til Kvam herad i planperioden.

4.2 Budsjettskjema 2A – investeringar

REKNESKAPSSKJEMA 2A	Oppr. Bud		Just Bud		Bud 2010	Bud 2011	Bud 2012	Bud 2013
	Rek 2008	09	2009					
1. Investert anleggsmiddel	152	53	39	59	84	13	22	
2. Utlån og forskuttering	5	0	10	10	10	10	10	
3. Avdrag på lån	1	0	1	1	1	1	1	
4. Avsetninger	10	0	2	1	1	1	1	
5. Årets finansieringsbehov	168	53	52	71	96	25	34	
6. Finansierte slik:								
7. Bruk av lånemiddel	-110	-51	-44	-58	-76	-18	-28	
8. Inntekter frå sal av anleggsmiddel	-2	0	-2	-1	-5	-1	-1	
9. Tilskot til investeringar	0	0	0	0	-2	0	0	
10. Mottekne avdrag på lån	-7	0	-2	-9	-12	-4	-5	
11. Andre inntekter	0	0	0	0	0	0	0	
12. Sum ekstern finansiering	-119	-51	-48	-68	-95	-23	-34	
13. Overført frå driftsrekneskapet	0	0	0	0	0	0	0	
14. Bruk av avsetningar	-49	-2	-4	-3	-1	-2	-1	
15. Sum finansiering	-168	-53	-52	-71	-96	-25	-34	
16. Udekk(+)/ udisponert(-)	0	0	0	0	0	0	0	

Kommentar til tabellen: Tabellen over viser at rekneskapen for økonomiplanperioden er gjort opp i balanse (punkt 16).

4.3 Budsjettskjema 2B - investeringar

Investeringsutgifter		Oppr. Bud		Just Bud		Bud 2010	Bud 2011	Bud 2012	Bud 2013
		Rek 2008	09	2009					
LN11	Lønnsutgifter	1	1	1	1	0	0	0	
LN12	Sosiale utgifter	0	0	0	0	0	0	0	
LN13	Varer og tenester i kommunal eigenproduksjon	122	44	31	50	72	11	18	
LN15	Overføringar	26	8	6	8	11	2	5	
LN16	Renteutgifter og omkostningar	3	1	1	0	0	0	0	
LN18	Sum utgifter	M	152	53	39	59	84	13	22
Finansutgifter									
LN19	Avdragsutgifter	1	0	1	1	1	1	1	
LN20	Utlån	5	0	10	10	10	10	10	
LN21	Kjøp av aksjer og andeler	0	0	0	0	0	0	0	
LN22	Avsatt til ubundne investeringsfond	10	0	2	1	1	1	1	
LN23	Avsetninger til bundne fond	0	0	0	0	0	0	0	
LN25	Sum finanstransaksjonar	N	16	0	13	12	12	12	12
Til investering (frå 2A)			168	53	52	71	96	25	34

Kommentar til tabellen: Tabellen over viser at finansieringsbehovet sett opp i budsjettskjema 2A (punkt 15) skal stemma med "Til investering (frå 2A)". 2B viser kva investeringane vert brukt til.

5 Prosjekt i økonomiplanperioden 2010 - 2013

I dette avsnittet om drifts – og investeringsprosjekt omtalar vi berre nye prosjekt (1), vedtekte prosjekt som får endra ramme eller endra tidsplan (2) og omsøkte prosjekt som det ikkje er funne midlar til (3).

Det vert vist til Kvam herad si heimeside for omtale av det enkelte prosjekt, jfr. linken <http://www.kvam.no/prosjekt/biblskule.asp?meny=artiklar>

1. Nye prosjekt

P13131 IT – investeringar 2013

Dette har vore eit årleg prosjekt for å dekkja behovet for nytt evt. skifta utstyr innanfor nettverk, PC-ar, programvare og serverar. Det årlege budsjettet har vore på 1,5 mill. kr. og det vart i budsjett for 2009 vedteke å auka denne investeringa til kr. 1.875.000 frå 2011. Det vert gjort framlegg om at denne investeringa vert vidareført i budsjett for 2013.

Finansiering:

Lån	kr. 1.500.000
Kontonr. 2560.0100 Mva. komp. frå investeringar	kr. 375.000

P50101 Digitalisering av kino

Digitalisering av kinoane i Noreg er i startgropa. Dette betyr at i løpet av 2 år vil film berre verta distribuert digitalt og noverande system vil verta fasa ut. Det er naudsynt med oppgradering av utstyr som lydanlegg, lerret, ventilasjon og digitalt utstyr som erstattar noverande kinomaskin. Utgiftene til digitaliseringa vert fordelt med 40 % på distributørar og 60 % på Film & Kino (medlemsorganisasjon) og kinoane. Film & Kino har fått fullmakt frå kinoane om å innhenta anbod etter reglane om offentlege innkjøp. For Kvam kino vert investeringa på kr. 375.000,-. Alternativ til digitalisering er nedlegging. Det vert gjort framlegg om å gjennomføra investeringa i 2010. Arkivsak 09/245 – dok nr. 6.

Finansiering:

Konto nr. 2530.0001 Kapitalfond	kr. 300.000
Kontonr. 2560.0100 Mva. komp. frå investeringar	kr. 75.000

P60102 Sjøfront ved Øysteseparken

Øystese grendeutval har utarbeidet ei skisse til sjøfront ved Øysteseparken og innhenta tilbod på utføring av arbeidet som er kostnadsrekna til kr. 622.500,- inkl. mva. Øystese grendeutval vil yta eit tilskot på kr. 150.000,- samt dugnadsinnsats. Kvam herad, som er grunneigar, dekkar resten av investeringa, dvs. kr. 472.500,- inkl. mva. Det vert gjort framlegg om å gjennomføra investeringa i 2010.

Finansiering:

Konto nr. 2530.0001 Kapitalfond	kr. 378.000
Kontonr. 2560.0100 Mva. komp. frå investeringar	kr. 94.500
Tilskot frå Øystese grendeutval	kr. 150.000

P61103 Kjøp av GPS til VA

GPS – utstyret treng fornying. Den gamle let seg ikkje lenger oppgradera og gjer arbeidet tungvint. Kostnad kr. 200.000,-. Rådmannen gjer framlegg om å gjennomføra investeringa i 2010.

Finansiering:

Sjølvsfinansierende lån kr. 200.000

P90121 Symjebasseng i Norheimsund

Rådmannen fekk i HST – sak 173/08 (budsjett 2009) i oppdrag å finna ut om det var mogleg å realisera eit nytt 25 meter basseng i Norheimsund i tilknytning til den nye barneskulen. Tiltaket skal finansierast under den varsla krisepakken. Det var ikkje midlar til dette i tiltakspakken frå regjeringa. Det vert likevel gjort framlegg om å leggja inn eit 25 meter symjebasseng i 2012 under føresetnad av at det føreslegne drifts- og investeringsprosjekta i 2010 og 2011 let seg gjennomføra først. Det vert sett av 20 mill.kr. i økonomiplanen som netto investeringskostnad for Kvam herad. Endeleg investeringskostnad vil ein koma attende i budsjett for 2012

Finansiering:

Lån kr. 16.000.000

Kontonr. 2560.0100 Mva. komp. frå investeringar kr. 4.000.000

2. Endringar på vedtekne prosjekt

Driftsprosjekt

P11010 Næringsutvikling i Ålvik

Prosjektet har ei totalramme på 4,6 mill. kr. Primo november 2009 vart det brukt. 3,4 mill. kr. Det er vedteke å bruka resten av midlane til Veg til fjells som no er under regulering og kafé i Ålvik som også er under arbeid. Midlane vil såleis verta brukte i 2009 og 2010. Det vert ikkje lagt inn ramme i 2010, men det vil verta brukt av tidlegare vedteken ramme som ikkje er nytta hittil.

Finansiering:

Prosjektet er finansiert over fond nr. 2514.0005 Næringsutvikling i Kvam, restbeløp kr. 207.054 og resten med overføringar frå staten og private.

P15062 Turistveg Hardanger, ny oppstart

Prosjektet har ei totalramme på 3,3 mill. kr. Det har vore liten aktivitet i prosjektet dei siste åra. Det er planlagt å gjennomføra noko sikringsarbeid på stien opp til og rundt Steinsdalsfossen i 2010. Rest på totalramma er kr. 1.1 mill. kr. Det vert gjort framlegg om å redusera ramma med 0,5 mill. kr. til 0,6 mill. kr.

Finansiering:

Prosjektet er finansiert over fond nr. 2514.0005 Næringsutvikling i Kvam

Endring finansiering:

Avsetninga på fond nr. 2514.0005 Næringsutvikling i Kvam vert redusert med kr. 500.000,-.

P15081 Økolyft

Prosjektet kom ikkje skikkeleg i gang før i 2009 og vil halda fram i 2010 og 2011. Prosjektramma for 2009 vil difor vert fordelt over desse åra. Det er ingen endring i opphavleg finansieringsplan.

Finansiering:

Kvam herad sin del av prosjektet er finansiert over fond nr. 2514.0002 Næringsfond.

P19071 Jondalstunnelen

Jondalstunnelen er no vedteken og starta opp. Det er difor stor truleg at Kvam herad må betala inn sin del av investeringa i 2010. Investeringa er vedteke finansiert med 18,0 mill. kr i utbyte

frå Kvam kraftverk AS og 1,0 mill. kr. frå konto 2560.0000 Disposisjonsfond. Dette fondet har ikkje lenger midlar og det vert difor gjort framlegg om at utbyttet frå Kvam kraftverk AS vert auka med 1,0 mil. kr. til 19,0 mill. kr.

Finansiering:

Utbyte frå Kvam kraftverk AS	kr. 18.000.000,-
Disposisjonsfond	kr. 1.000.000,-

Endring finansiering:

Utbyte frå Kvam kraftverk AS	kr. 19.000.000,-
------------------------------	------------------

P19091 E-takst 2010

Takstarbeidet går for fullt og skal vera ferdig i løpet av februar 2010. Det er lagt inn ei lita endring i 2010 i samsvar med løn i prosjektperioden. Ramma er ikkje endra og er framleis 5,0 mill. kr.

Finansiering 2010:

Konto 2560.0100 Mva. komp. frå investeringar.

P60093 Kompensasjonsmidlar veg

Prosjektet er no starta opp med å laga til rundkøyring ved Ungdomshallen i Norheimsund. Alle midlane vert ikkje nytta i 2009 og det vert i budsjettet for 2010 gjort framlegg om å fordela midlane med 1,0 mill. kr. i 2009, 3,0 kr. i 2010 og kr. 1,0 mill. kr. i 2011.

Finansiering:

Kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift frå Hordaland fylkeskommune.

P71091 Tettstadplan for Ålvik

Arbeidet med reguleringsplan er i no gang og det er forventa 1. gongs handsaming av denne i 1. halvår 2010. Primo november 2009 er det brukt 0,4 mill. kr. av ramma. Det vert difor gjort framlegg om tidsforskyving slik at ramma for 2009 vert endra til 0,6 mill. kr. og resten, 1,25 mill. kr., vert overført til 2010.

Finansiering:

Kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift frå Hordaland fylkeskommune.

P71101 Straumen – Båthamna Nhs. aust (HST-173/08)

Vedtaket i heradsstyret er slik: ”Heradsstyret gjev komiteen for moglegeitsstudien Straumen – Båthamna Norheimsund aust, fullmakt til å inngå avtale og godkjenna pris for gjennomføring av reguleringsplan for området. Tiltaket vert finansiert med lån frå bustadfeltfondet med tilbakebetaling til fondet i 2011.” Det vart i 2. tertial sett opp ei ramme på 1,875 mill. kr. til bruk i 2010. Etter ny vurdering vert det no gjort framlegg om å fordela denne ramma likt over 3 år og med tilbakebetaling til konto 2536.0003 Bustadfeltfond i 2013.

Finansiering:

Konto 2536.000 Bustadfeltfond	kr. 1.875.000
-------------------------------	---------------

Aktive investeringsprosjekt

P13101 IT - investeringar 2010

Det er årlege IT - prosjekt for å dekkja behovet for nytt evt. utskifting av utstyr innanfor nettverk, PC-ar, programvare og serverar. IT – investeringar for 2010 er føreslege redusert til 1,0 mill. kr. Frå 2011 er ramma auka til brutto 1,9 mill. kr. og vidareført i 2012 og 2013.

Finansiering:

Lån	kr. 800.000
Kontonr. 2560.0100 Mva. komp. frå investeringar	kr. 200.000

P19092 Øystese Kraft AS

Prosjektet vart fremja i samband med HST – sak 059/09. Det vart sett av 0,3 mill. kr. til kostnader i første fase. Primo november 2009 er det nytta kr. 8.000,-. Det vert lagt fram forslag om å flytta resten av ramma til 2010.

Finansiering:

Konto nr. 2530.0002 Uttak Eigenkapital Kvam Kraftverk kr. 300.000,-

P50021 Regionalt kulturhus

Kultursjefen skal frå 2010 vera prosjektleiar for arbeidet med regionalt kulturhus. Prosjekt har ei opphavleg ramme på 1,45 mill. kr. der 1,0 mill. kr. er brukt hittil. Det vert lagt fram forslag om å auka ramma med knappe 0,7 mill. kr. til 2,1 mill. kr. i 2010 for å ha naudsynte midlar til prosjektarbeidet.

Finansiering:

Lån	kr. 2.080.000,-
Tilskot/gåve	kr. 50.000 (motteke)

P60071 Tørvikbygd barnehage, utviding – utsett til 2012

Arbeidet med regulering av området er i gang, men det er uvisst kva tid den er ferdig og bygging eventuelt kan ta til. Noverande barnehage er ikkje godkjent og vil heller ikkje verta det. Det hastar difor med å finna nye lokale, anten permanente eller mellombelse. Rådmannen gjer difor framlegg om at investeringa i ny barnehagen i Fredsvik i Tørvikbygd vert utsett til 2012 og at det vert arbeidt med å finna mellombelse lokale frå snarast og fram til ein ny, godkjent barnehage er ferdig.

Finansiering:

Lån	kr. 4.640.000,-
Investeringsstilskot	kr. 1.550.000,-
Konto 2530.0004 Fond overført frå BKK	kr. 1.110.000,-
<u>Konto 2560.0100 Mva. komp frå investeringsprosjekt</u>	<u>kr. 1.700.000,-</u>
<u>Sum finansiering</u>	<u>kr. 9.000.000,-</u>

P60081 Investering i Trafikksikringsplan

Arbeidet med investering i Trafikksikringsplanen er ikkje kome skikkeleg i gang pga endringar i prosjektleiinga i løpet av 2009. Det vert difor gjort framlegg om å flytta ramma for 2009 til 2012 og at ramma for 2010 og 2011 vert oppretthalde. Det vert såleis planlagt å nytta 0,4 mill. kr. pr. år i perioden 2010-2012.

Finansiering:

Lån	kr. 1.200.000,-
-----	-----------------

P60091 Ny barnehage Bjørketeigen – utsett til 2011

Det vart i 2. tertial 2009 – HST-087/09 oppretta nytt prosjekt for ny barnehage på Bjørketeigen med ei totalramme på 10,0 mill. kr. og at prosjektkostnaden vert ut på anbod og presentert for heradsstyret i desember 2009. Fristen for å levera anbod er medio november og såleis ikkje kjent. Det vert likevel gjort framlegg om ein auke i ramma med 6,0 mill. kr. som ei førebels kalkyle over investeringa. Auken vert føreslege finansiering med barnehagetomta i Busdalen, Sjydnahaugen barnehage og med investeringstilskot pga nye barnehageplassar.

Sjydnahaugen barnehage driv i dag på 5 ulike plassar, noko som gjev dyr og uhensiktsmessig drift. Dessutan vert det drive på mellombelse løyve i påvente av ny barnehage. Rådmannen gjer likevel framlegg om at investeringa må utsetjast til 2011 på grunn av at andre investeringar vert prioritert høgare i 2010.

Finansiering:

Lån	kr. 7.000.000,-
Konto 2560.0100 Mva. komp frå investeringsprosjekt	kr. 3.000.000,-
Sal tomt Busdalen, min.	kr. 2.000.000,-

Sal Sjydnahaugen, min.	kr. 2.000.000,-
Investeringsstilskot, min.	kr. 2.000.000,-
<u>Sum finansiering</u>	<u>kr. 16.000.000,-</u>

P60092 – Fornyingsplan bilar/utstyr teknisk 2009-11

Det vart i sak 173/08 (Budsjett 2009) gjort vedtak om ny fornyingsplan for bilar/utstyr teknisk. Totalramma er på 2,6 mill. kr. Ramma for 2009 er på 1,2 mill. kr., men har ikkje vorte nytta primo november 2009. På grunn av eit prekært behov for å skifta ut brannbilen på Oma, vert det gjort framlegg om å overføra ramma for 2009 til 2010 og samtidig nytta noko av ramma for 2011 i 2010. Ramma for 2010 vert såleis 2,0 mill. kr. og restramma for 2011 vert 0,6 mill. kr. Ramma i 2010 skal nyttast til ny brannbil i Norheimsund og overflytting av noverande brannbil i Norheimsund til Oma. Investeringa vert om lag 1,4 mill. kr. Resten av investeringa skal i 2010 skal nyttast til ny bil for parkvesenet. Investeringa i 2011 skal nyttast innanfor VA – området.

Finansiering:

Lån	kr. 2.000.000,-
Sjølvfinansierande lån	Kr. 625.000,-

P60101 – Ålvik barnehage, tilbygg

Kalkylen på tilbygg og ombygging av barnehagen i Ålvik som viser ein kostnad på 7,0 mill. kr., dvs. 1,0 mill. kr. meir enn vedteken kostnadsramme. Det er sett av 1,25 mill. kr. i 2009. Det vert gjort framlegg om å flytta 0,75 mill. kr. av denne ramma til 2010 og i tillegg auka ramma med 1,0 mill. kr. Ny ramme vert såleis 7,0 mill. kr. der 0,5 vert brukt i 2009 og 6,5 mill.kr. vert nytta i 2010.

Finansiering:

Lån	kr. 5.700.000,-
Konto 2560.0100 Mva. komp frå investeringsprosjekt	kr. 1.300.000,-

P62081 Tiltak Sandven, lagerbygg

Tiltaket omfattar HMS - utbetringar og tilretteleggingar elles. Primo november 2009 er det nytta 0,1 mill. kr. Ramma er på 0,5 mill. kr., der 0,4 mill. kr. vert føreslege nytta i 2010.

Finansiering:

Lån	kr. 250.000
Sjølvfinansierande lån	kr. 250.000

P71092 Strandvegen (HST-048/09)

Forhandlingane med grunneigarane er godt i gang. Anbudet frå COWI vert klart i løpet av primo november. Fylkesmannen har gjeve førehandsløyve på 1. delen av vegen. Det er løyvd 1,0 mill. kr. til tiltaket førebels. Ramma gjeld for 2009 og det er forventa å nytta om lag 0,2 mill. kr. i 2009. Resten av ramma, 0,8 mill. kr., vert tilrådd overført til 2010.

Finansiering:

Konto nr. 2530.0001 Kapitalfond	kr. 1.000.000,-
---------------------------------	-----------------

P71093 Oppgradering Mundheim sentrum

Det vert ikkje sett i gang arbeid i 2009 med å erstatta leikeplass/ballplass etter sal av skulen. Ramma vert difor føreslege overført til 2010.

Finansiering:

Konto nr. 2536.0003 Bustadfeltfond	kr. 577.000
------------------------------------	-------------

Aktive skuleprosjekt.

Frå 2010 skal berre vera eit skuleprosjekt att. Prosjekta i Strandebarm, Tørvikbygd og Øystese reknar ein med er ferdige ultimo desember 2009 med unntak av noko reklamasjonsarbeid. Skuleprosjektet i Øystese og Ålvik vert trekt inn og midlane overført til dekning av overskridingar på prosjekta i Strandebarm, Tørvikbygd og Øystese.

P90074 – Norheimsund barneskule

Det er sett av 50,0 mill. kr. til ny barneskule i Norheimsund. Prosjektarbeidet er no i gang og det er forventa byggjestart i 2010 og ferdigstilling hausten 2011. Ramma vert såleis føreslege fordelt med 1,0 mill. kr. 2009, 19,0 mill. kr. i 2010 og 30,0 mill. kr. i 2011. Endeleg kostnad er ikkje kjent før teikningar er godkjente og prosjektet anbod er henta inn.

Finansiering:

Lån	kr. 40.389.000,-
Konto 2560.0100 Mva. komp frå investeringsprosjekt	kr. 9.611.000,-
<u>Sum finansiering</u>	<u>kr. 50.000.000,-</u>

Aktive VA - prosjekt

Dei fleste prosjekta i denne gruppa er forklart i detalj i ”Kommunedelplanen for avløp 2006-2014”.

P61074 Separering og vatn Sundsvik og Norheim

Det er primo november nytta 0,2 mill. kr. av ramma på 3,2 mill. kr. I 2010 forventar ein å nytta 0,5 mill. kr. og resten i 2011. Rådmannen tilrår difor ei endring i tidsplanen for dette prosjektet og justerer prosjektrammene i tråd med forventa framdrift.

Finansiering:

Sjølvsfinansierende lån	kr. 3.200.000,-
-------------------------	-----------------

P61076 Overvåkingsanlegg

Prosjektet er forventa avslutta 2009/tidleg 2010. Som varsla tidlegare (Årsmelding 2008), er det ei overskriding på prosjektet med om lag 0,7 mill. kr. som vert føreslege finansiert med sjølvsfinansierende lån. Ny totalramme vert såleis 1,7 mill. kr.

Finansiering:

Sjølvsfinansierende lån	kr. 1.700.000,-
-------------------------	-----------------

P61081 Utsleppssanering Evjo, Øystese

Eit prioritert tiltak i avløps – planen som er så vidt er starta opp i 2009. Totalramma er på 1,3 mill. kr. Det vert gjort framlegg om at 1,2 mill. kr. av ramma vert overført til 2010.

Finansiering:

Sjølvsfinansierende lån	kr. 1.320.000,-
-------------------------	-----------------

P61082 VA – anlegg mot Eikedalen

Oppstarten av dette prosjektet er utsett til 2010 og det vert føreslege ei tidsforskyving med 1 år i høve til tidlegare plan, dvs. 3,0 mill. kr. i 2010 og 17,0 mill. kr. i 2011.

Finansiering:

Sjølvsfinansierende lån	kr. 20.000.000,-
-------------------------	------------------

P61083 Oppgradering vassverk Kvamskogen

Prosjektet er så vidt belasta med kostnader primo november 2009. Totalramma på 8,0 mill. kr. vert føreslege overført 2010 og 2011 med lik fordeling.

Finansiering:

Sjølvsfinansierende lån	kr. 8.000.000,-
-------------------------	-----------------

P61091 Felles slamavskiljar Vikøy

Prosjektet var planlagt utført i 2009, men er no utsett til 2010. Ramma på 0,7 mill. kr. vert difor føreslege endra til 2010.

Finansiering:

Sjølvfinansierande lån kr. 700.000,-

P61092 Sanering VA NHS sentrum

Sanering av leidningar frå Haldeplassen mot Kaldestad. Prosjektet er planlagt gjennomført i 2009 og 2010. Prosjektet er føreslege utsett til 2011 og 2012.

Finansiering:

Sjølvfinansierande lån kr. 3.800.000,-

P61102 Vassleidning Torpe, vidareføring

Framhald av P61072. Det er rekna med ein kostnad på 4 mill. kr., men kostnads kalkylane er usikre. Oppstart og gjennomføring er føreslege endra til 2010 og 2011.

Finansiering:

Sjølvfinansierande lån kr. 4.000.000,-

3. Prosjekt som det ikkje er funne midlar til i økonomiplanperioden 2010 – 2013.

Kjøp av kai på Kaldestad

Det har vore forhandlingar med eigaren av kaien på Kaldestad, men dette har ikkje ført fram. Det er ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Det vil verta vurdert dersom det skulle verta aktuelt seinare.

Kjøp av ICA – tomta

Det er inngått av tale med Kvam Holding AS om kjøp av ICA – tomta AS, jfr. vedtak i HST – sak 087/06. Overtakingsdato er sett til 31.01.2010. I hht avtalen mellom Kvam herad og Kvam Holding AS skulle det innan 1.7. 2009 vera semje om kjøpesum. Slik semje er ikkje oppnådd og skjønn er under vurdering. På grunn av Kvam herad si økonomiske stode, vert det føreslege å inngå avtale med Kvam Holding AS om å frysa avtalen i 5 år, noko også Kvam Holding AS har vore interessert i.

Asfaltering 2010 – 2013

Prosjekta P61031 Asfaltering av vegar og P61065 Asfaltering av vegar, rest er no brukte opp og vel så det. Det er ønskeleg med min. 1,0 mill. kr. årleg til vedlikehald av dei kommunale vegane. Dersom ikkje prosjekt, må driftsbudsjetta belastast med naudsynt asfaltering, dvs. mindre midlar til anna vedlikehald. Det er ikkje funne dekning til dette i økonomiplanperioden.

IT i skulen

I hht KOSTRA – dokumentet om grunnskule må det investerast om lag 1,1 mill. kr. årleg til datamaskiner (187 stk. pr. år) i skulen. Maskinene varer 3-5 år, både økonomisk og fysisk. Frå våren 2010 skal eksamen for 10. trinn gjennomførast på datamaskiner. Dersom maskinparken ikkje vert oppdatert, vil ikkje skulane i Kvam kunna gjennomføra lovpålagd eksamen. Rådmannen rår til at det vert søkt hjelp hjå dei vidaregåande skulane i Kvam med tanke på eventuell lån av datamaskiner til å gjennomføra eksamen våren 2010. Dersom dette ikkje let seg gjera, må det leggjast fram eiga sak til Kvam heradsstyre vinteren 2010.

Hardangertunellen

I oversendingsforslag frå Kvam heradsstyre til rådmannen i møte 13. oktober 2009, vart det bede om å løyva 0,5 mill. kr. til finansiering av arbeid med alternative forslag til tunellinnslag og naudsynt reguleringsarbeid. Arbeidet skal finansierast av konto nr. 2530.0001 Kapitalfond.

Kvam Bompengeselskap AS må melda frå om det er bruk for ytterlegare finansieringsbehov slik at det kan innarbeidast i budsjett 2010. Det er førebels ikkje motteke melding om auka finansieringsbehov. Det er lagt inn 0,1 mill. kr. i driftsbudsjettet for 2010 til frikjøp av folkevalde sitt arbeid med Hardangertunellen.

P60022 Bustadfelt Norheimsund

Det har ikkje vore nytta midlar på dette prosjektet sidan 2007. Det vert difor føreslege å avvikla prosjektet for å frigjera midlar til prosjekt som ligg innanfor økonomiplanperioden. Det vert vidare føreslege å overlata prosjektet til Kvam bustad- og tomteselskap AS.

P60051 Skytebane Norheimsund/Øystese – tidlegare vedtak

Det vert arbeidd med reguleringsplan for ny skytebane og det er set av 0,5 mill. kr. til dette. Resten av ramma vert trekt inn. Når det vert aktuelt å byggja ny skytebane, må ein rekna med ein mykje større kostnad enn dei 3,7 mill. kr. som har vore sett av til prosjektet. Det vert difor tilrådd å fremja ny sak når dette vert aktuelt.

P60055 Bårehus Øystese

Prosjektet er flytta fram til 2014, dvs utanfor denne økonomiplanperioden.

4. Oppsummering og tilrådingar

Tabellen under viser ei oppsummering av drifts- og investeringsprosjekta i det framlagde budsjettet for økonomiplanperioden 2010 – 2013. Tabellane med alle prosjekta kjem etter dette kapittelet.²⁶

Vedtekne rammer + budsjettframlegg 2010 - 2013						
Prosjekt	Ramme 2009	Ramme 2010	Ramme 2011	Ramme 2012	Ramme 2013	Sum 2009 - 2013
Sum prosjekt	65 668	88 032	85 633	13 300	21 875	274 508
Finansiering:	2009	2010	2011	2012	2013	Sum
Sum inntekt/tilskot/overføringar	10 914	27 363	7 500	1 550	1 500	48 827
Sum lån	37 623	31 796	38 973	6 040	17 500	131 932
Sum sjølvfinansierande lån	5 399	16 540	27 475	1 900	-	51 314
Sum fondsfinansiering	11 732	12 333	11 685	3 810	2 875	42 435
Sum overføring frå drift	-	-	-	-	-	-
Sum finansiering	65 668	88 032	85 633	13 300	21 875	274 508

Ramme 2009 viser forventta forbruk på prosjekt i 2009 og finansieringa av desse. Endringar på prosjekt i 2009 som følgje av budsjettframlegget vil verta lagt fram i ein rapport kalla 3. tertial 2009 i formannskapsmøte 24.11.2009 og heradsstyret 15. desember 2009.

Tabellen under viser kva Kvam herad har av kapital til investeringar og korleis dei er planlagt brukt i økonomiplanperioden. Det er førebels ikkje planlagt nye låneopptak med unntak av lån i Husbanken til vidare utlån (Startlån). Det er ein føresetnad at all mva – kompensasjon frå investering vert nytta som finansiering av prosjekt og ikkje nytta til å saldera drifta med.

Finansiering med lån og fond	Ramme 2009	Ramme 2010	Ramme 2011	Ramme 2012	Ramme 2013	Total-samar
Ubruktelånemidlar 1.1.09	105 921	55 180	6 844	-59 604	-67 544	105 921
Bruk lån	-37 623	-31 796	-38 973	-6 040	-17 500	-131 932
Bruk sjølvfinansierande lån	-5 399	-16 540	-27 475	-1 900	-	-51 314
Bruk startlån (formidlingslån)	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-50 000
Nye lån (til formidlingslån)	-	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
Inngaande saldo ubunde kapitalfond	14 013					14 013
Tilførsel mva.komp.fond (frå invest.)	-	11 825	11 811	3 966	2 875	30 477
Bruk av fond	-11 732	-12 333	-11 685	-3 810	-2 875	-42 435
Rest finansiering overført nytt år	55 180	6 844	-59 604	-67 544	-85 044	-85 270

Tabellen over viser at det i 2011 manglar om lag 60 mill. kr. til å gjennomføra alle planlagde prosjekt. Finansieringsbehovet aukar til om lag 85 mill. kr. i 2013.

Korleis skaffa manglande finansiering?

Det er fleire løysingar eller kombinasjonar av løysingar for å finansiera kapitalbehovet.

Blant løysingane er:

1. Ta opp nye lån
2. Ta ut meir kapital frå Kvam kraftverk AS
3. Utsetja fleire prosjekt utover økonomiplanperioden

Det er fleire moment som talar for at det er råd å gjennomføra dei fleste prosjekta utan at eit låneopptak vil råka drifta ytterlegare. Desse momenta er:

²⁶ Den observante lesar vil leggja merke til at det er ein differanse på kr. 20.048.000,- mellom Ramme 2010 i tabellen over og tabellen Status aktive prosjekt. Dette gjeld prosjekta P11010 Næringsutvikling i Ålvik og P19071 Jondalstunellen. Desse to prosjekta har ikkje ramme for 2010, men det er stor sjanse for at midlane vert nytta. Difor er dei teke med i oppsummeringa.

- Alle VA – prosjekta, som utgjer om lag 51 mill. kr. av kapitalbehovet, er såkalla sjølvfinansierande lån, dvs. at låna vert betalte via VA - avgifter frå brukarane.
- Investeringa på Toloheimen vil medføra sparte utgifter til leige i Helsebanken og auka leigeinntekter frå Helse Vest. Det er teke omsyn til dette i drifta frå 2011 i økonomiplanen.
- Investeringa i ny barnehage på Bjørketeigen vil frigjera om lag 3 årsverk pga den uhensiktsmessige drifta ein har i dag med drift i 4 bygningar rundt om kring i Øystese. Det er teke omsyn til dette i drifta frå 2011 i økonomiplanen.
- Auke satsen for eigedomsskatt utover 3,0 promille.
- Ny avtale med Statkraft om utbyte frå heimfall frå 2011, vil under normale omstende medføra auka inntekter på minst 10 mill. kr. årleg. Desse inntektene er ikkje teke omsyn til i økonomiplanperioden.

Rådmannen vil tilrå at ein kombinasjon av nye lån og uttak frå Kvam Kraftverk AS i 2011 vert løysinga på finansieringsproblemet. Det er i framlegget til budsjett for 2010 sett av kr. 50.000,- til ein ekstern analyse av Kvam Kraftverk AS for å vurdere kor lønsamt det er, om det er råd å driva meir effektivt og kor mykje eigenkapital det er råd å ta ut.

Rådmannen vil såleis i løpet av 2010 koma attende med forslag om kva for fordeling av lån og utbyte han vil tilrå for å finansiera kapitalbehovet.

Tabell over rammer for aktive drifts –og investeringsprosjekt i økonomiplanperioden 2010-2013.

Status aktive prosjekt		Bevilga budsjett						
Tekst	Ramme t.o.m. 2008	Bud 2009 justert	Ramme 2010	Ramme 2011	Ramme 2012	Ramme 2013	Ramme	
P13131 IT-investeringar 2013	0	0	0	0	0	1 875	1 875	
P50101 Digitalisering av kino	0	0	375	0	0	0	375	
P60102 Sjøfront ved Øysteseparken	0	0	623	0	0	0	623	
P61103 VA - GPS utstyr	0	0	200	0	0	0	200	
P90121 Symjebaseng i Norheimsund	0	0	0	0	0	20 000	20 000	
Sum nye prosjekt	0	0	1 198	0	0	21 875	23 073	
P11010 Næringsutvikling i Ålvik	4 591	0	0	0	0	0	4 591	
P15061 Utgreiing sjøkabel	500	0	0	0	0	0	500	
P15062 Turistveg Hardanger, ny oppstart	2 114	0	686	0	0	0	2 800	
P15081 Økoløft	504	0	533	533	0	0	1 571	
P19071 Jondalstunnelen	19 000	0	0	0	0	0	19 000	
P19081 Oppussing rådhus	2 750	750	0	0	0	0	3 500	
P19091 E-takst 2010	0	4 771	230	0	0	0	5 000	
P60074 Vegplan	250	0	0	0	0	0	250	
P60093 Kompensasjonsmidlar veg	0	1 000	3 000	1 000	0	0	5 000	
P71091 Tettstadplan for Ålvik	0	625	1 250	0	0	0	1 875	
P71094 Skredsikringstiltak Gartveit (HST-070/09)	0	2 915	2 915	0	0	0	5 830	
P71101 Straumen - Båthamna Nhs. aust (HST-173/08)	0	0	625	625	625	0	1 875	
P80090 Tiltakspakken - kyrkeleg fellesråd	0	500	0	0	0	0	500	
P80091 Tiltakspakken - Ålvik pensjonistheim	0	619	0	0	0	0	619	
P80092 Tiltakspakken - Ålvik skule	0	307	0	0	0	0	307	
P80093 Tiltakspakken - Øystese barneskule	0	852	0	0	0	0	852	
P80094 Tiltakspakken - Dagsenter Øystese	0	869	0	0	0	0	869	
P80095 Tiltakspakken - Div. utleigehus	0	310	0	0	0	0	310	
P80096 Tiltakspakken - Kvam rådhus	0	2 474	0	0	0	0	2 474	
P80097 Tiltakspakken - Gamleskolen i Nhs.	0	110	0	0	0	0	110	
P80098 Tiltakspakken - Strandebarmheimen	0	622	0	0	0	0	622	
P80099 Tiltakspakken - Strandebarm barnehage	0	97	0	0	0	0	97	
Sum aktive driftsprosjekt	29 709	16 819	9 239	2 158	625	0	58 551	
P13062 Breiband, fase 2	1 100	300	300	0	0	0	1 700	
P13092 Agresso økonomisystem - oppgradering	0	165	660	0	0	0	825	
P13093 KomTek - forvaltningssystem - teknisk	0	0	375	0	0	0	375	
P13094 Web-sak - sakshandsamarsystem - oppgradering	0	375	0	0	0	0	375	
P13101 IT-investeringar 2010	0	0	1 000	0	0	0	1 000	
P13111 IT-investeringar 2011	0	0	0	1 875	0	0	1 875	
P13121 IT-investeringar 2012	0	0	0	0	1 875	0	1 875	
P19092 Øystese Kraft AS	0	10	290	0	0	0	300	
P31091 Tilbygg/ombygging Toloheimen (HST 057/09)	0	400	8 725	8 725	0	0	17 850	
P50021 Regionalt kulturhus	1 450	0	680	0	0	0	2 130	
P60022 Bustadfelt Norheimsund	92	100	0	0	0	0	192	
P60051 Skytebane Norheimsund / Øystese	400	125	0	0	0	0	525	
P60071 Tørvikbygd barnehage, utviding	0	500	0	0	8 500	0	9 000	
P60072 Holmsund - sanitæranlegg og utforming	750	150	0	0	0	0	900	
P60081 Investeringar i Trafikksikringsplan	0	0	400	400	400	0	1 200	
P60091 Ny barnehage Bjørkteigen	0	1 000	0	15 000	0	0	16 000	
P60092 Fornyringsplan bilar/utstyr Tenisk 2009-11	0	0	2 000	625	0	0	2 625	
P60101 Ålvik barnehage, tilbygg	0	500	6 500	0	0	0	7 000	
P62081 Tiltak Sandven lagerbygg	100	0	400	0	0	0	500	
P71092 Strandvegen (HST 048/09)	0	200	800	0	0	0	1 000	
P71093 Oppgradering Mundheim sentrum	0	0	577	0	0	0	577	
Sum aktive investeringsprosjekt	3 892	3 825	22 707	26 625	10 775	0	67 824	
P90071 Kvam ungdomsskule	86 600	750	0	0	0	0	87 350	
P90072 Strandebarm skule	49 108	3 500	0	0	0	0	52 608	
P90073 Strandebarm nærings- og idrettspark	45 808	13 600	0	0	0	0	59 408	
P90074 Norheimsund barneskule	0	1 000	19 000	30 000	0	0	50 000	
P90075 Tørvikbygd skule	10 580	1 500	0	0	0	0	12 080	
P90076 Øystese barneskule	930	907	0	0	0	0	1 837	
Sum aktive skuleprosjekt	193 026	21 257	19 000	30 000	0	0	263 282	
P60062 Veg og VA Norheimsund sentrum/vest	7 500	5 400	0	0	0	0	12 900	
P61011 Kloakkledning Lid	400	0	0	0	0	0	400	
P61012 VA-utbygging i Kvam	13 105	0	0	0	0	0	13 105	
P61071 Reservevassforsyning	1 000	0	0	0	0	0	1 000	
P61073 Ny pumpestasjon P5, Tolo	0	670	670	0	0	0	1 340	
P61074 Separering og vatn Sundsvik og Norheim	600	0	600	2 000	0	0	3 200	
P61076 Overvåkingsanlegg	600	200	900	0	0	0	1 700	
P61081 Utsleppsanering Evjo, Øystese	0	150	1 170	0	0	0	1 320	
P61082 VA-anlegg mot Eikedalen	0	100	2 900	17 000	0	0	20 000	
P61083 Oppgradering vassverk Kvamskogen	0	50	4 000	3 950	0	0	8 000	
P61091 Felles slamavskiljar Vikøy	0	0	700	0	0	0	700	
P61092 Sanering VA NHS sentrum	0	0	0	1 900	1 900	0	3 800	
P61101 Kloakksanering Kvam	0	0	2 900	0	0	0	2 900	
P61102 Vasssleidning Torpe, vidareføring	0	0	2 000	2 000	0	0	4 000	
Sum aktive VAR - prosjekt	23 205	6 570	15 840	26 850	1 900	0	74 365	
Sum aktive prosjekt	249 832	48 471	67 984	85 633	13 300	21 875	487 094	

Tabell for finansiering av aktive drifts –og investeringsprosjekt i økonomiplanperioden 2010-2013.

Status aktive prosjekt		Finansiering					Sum fin.
Tekst	Innt./Tilskot /Ovf.	Lån	Sjølvin. Lån	Fonds- disp.	Ovf. frå drift		
P13131 IT-investeringar 2013	0	-1 500	0	-375	0	-1 875	
P50101 Digitalisering av kino	0	0	0	-375	0	-375	
P60102 Sjøfront ved Øysteseparken	-150	0	0	-473	0	-623	
P61103 VA - GPS utstyr	0	0	-200	0	0	-200	
P90121 Symjebaseng i Norheimsund	0	-16 000	0	-4 000	0	-20 000	
Sum nye prosjekt	-150	-17 500	-200	-5 223	0	-23 073	
P11010 Næringsutvikling i Ålvik	-2 591	0	0	-2 000	0	-4 591	
P15061 Utgreiing sjøkabel	0	0	0	-500	0	-500	
P15062 Turistveg Hardanger, ny oppstart	0	0	0	-2 800	0	-2 800	
P15081 Økoleft	-1 300	0	0	-271	0	-1 571	
P19071 Jondalstunnelen	-19 000	0	0	0	0	-19 000	
P19081 Oppussing rådhus	0	0	0	-3 500	0	-3 500	
P19091 E-takst 2010	0	0	0	-5 000	0	-5 000	
P60074 Vegplan	0	0	0	-250	0	-250	
P60093 Kompensasjonsmidlar veg	-5 000	0	0	0	0	-5 000	
P71091 Tettstadplan for Ålvik	-1 500	0	0	-375	0	-1 875	
P71094 Skredsikringsiltak Gartveit (HST-070/09)	-4 130	0	0	-1 700	0	-5 830	
P71101 Straumen - Båthamna Nhs. aust (HST-173/08)	-1 500	0	0	-375	0	-1 875	
P80090 Tiltakspakken - kyrkeleg fellesråd	-500	0	0	0	0	-500	
P80091 Tiltakspakken - Ålvik pensjonistheim	-500	0	0	-119	0	-619	
P80092 Tiltakspakken - Ålvik skule	-250	0	0	-57	0	-307	
P80093 Tiltakspakken - Øystese barneskule	-696	0	0	-156	0	-852	
P80094 Tiltakspakken - Dagsenter Øystese	-700	0	0	-169	0	-869	
P80095 Tiltakspakken - Div. utleigehus	-250	0	0	-60	0	-310	
P80096 Tiltakspakken - Kvam rådhus	-1 989	0	0	-485	0	-2 474	
P80097 Tiltakspakken - Gamleskolen i Nhs.	-90	0	0	-20	0	-110	
P80098 Tiltakspakken - Strandebarmheimen	-500	0	0	-122	0	-622	
P80099 Tiltakspakken - Strandebarm barnehage	-80	0	0	-17	0	-97	
Sum aktive driftsprosjekt	-40 576	0	0	-17 975	0	-58 551	
P13062 Breiband, fase 2	0	-1 640	0	-60	0	-1 700	
P13092 Agresso økonomisystem - oppgradering	0	0	0	-825	0	-825	
P13093 KomTek - forvaltningssystem - teknisk	0	0	-300	-75	0	-375	
P13094 Web-sak - sakshandsamarsystem - oppgradering	0	0	0	-375	0	-375	
P13101 IT-investeringar 2010	0	-800	0	-200	0	-1 000	
P13111 IT-investeringar 2011	0	-1 500	0	-375	0	-1 875	
P13121 IT-investeringar 2012	0	-1 500	0	-375	0	-1 875	
P19092 Øystese Kraft AS	0	-10	0	-290	0	-300	
P31091 Tilbygg/ombygging Toloheimen (HST 057/09)	-400	-13 960	0	-3 490	0	-17 850	
P50021 Regionalt kulturhus	-50	-2 080	0	0	0	-2 130	
P60022 Bustadfelt Norheimsund	-500	308	0	0	0	-192	
P60051 Skytebane Norheimsund / Øystese	0	-525	0	0	0	-525	
P60071 Tørvikbygd barnehage, utviding	-1 550	-4 640	0	-2 810	0	-9 000	
P60072 Holmsund - sanitæranlegg og utforming	-150	0	0	-750	0	-900	
P60081 Investeringar i Trafikksikringsplan	0	-1 200	0	0	0	-1 200	
P60091 Ny barnehage Bjørketeigen	-6 000	-7 000	0	-3 000	0	-16 000	
P60092 Fornyingsplan bilar/utstyr Tenisk 2009-11	0	-2 000	-625	0	0	-2 625	
P60101 Ålvik barnehage, tilbygg	0	-5 700	0	-1 300	0	-7 000	
P62081 Tiltak Sandven lagerbygg	0	-250	-250	0	0	-500	
P71092 Strandvegen (HST 048/09)	0	0	0	-1 000	0	-1 000	
P71093 Oppgradering Mundheim sentrum	0	0	0	-577	0	-577	
Sum aktive investeringsprosjekt	-8 650	-42 497	-1 175	-15 502	0	-67 824	
P90071 Kvam ungdomsskule	0	-70 150	0	-17 200	0	-87 350	
P90072 Strandebarm skule	0	-32 826	0	-19 782	0	-52 608	
P90073 Strandebarm nærings- og idrettspark	0	-39 210	0	-20 198	0	-59 408	
P90074 Norheimsund barneskule	0	-40 389	0	-9 611	0	-50 000	
P90075 Tørvikbygd skule	0	-10 000	0	-2 080	0	-12 080	
P90076 Øystese barneskule	0	0	0	-1 837	0	-1 837	
Sum aktive skuleprosjekt	0	-192 575	0	-70 707	0	-263 282	
P60062 Veg og VA Norheimsund sentrum/vest	0	-11 400	-1 500	0	0	-12 900	
P61011 Kloakkledning Lid	0	0	-400	0	0	-400	
P61012 VA-utbygging i Kvam	0	0	-13 105	0	0	-13 105	
P61071 Reservevassforsyning	0	0	-1 000	0	0	-1 000	
P61073 Ny pumpestasjon P5, Tolo	0	0	-1 340	0	0	-1 340	
P61074 Separering og vatn Sundsvik og Norheim	0	0	-3 200	0	0	-3 200	
P61076 Overvåkingsanlegg	0	0	-1 700	0	0	-1 700	
P61081 Utsleppsaneing Evjo, Øystese	0	0	-1 320	0	0	-1 320	
P61082 VA-anlegg mot Eikedalen	0	0	-20 000	0	0	-20 000	
P61083 Oppgradering vassverk Kvamskogen	0	0	-8 000	0	0	-8 000	
P61091 Felles slamavskiljar Vikøy	0	0	-700	0	0	-700	
P61092 Sanering VA NHS sentrum	0	0	-3 800	0	0	-3 800	
P61101 Kloakksanering Kvam	0	0	-2 900	0	0	-2 900	
P61102 Vasssleidning Torpe, vidareføring	0	0	-4 000	0	0	-4 000	
Sum aktive VAR - prosjekt	0	-11 400	-62 965	0	0	-74 365	
Sum aktive prosjekt	-49 376	-263 971	-64 340	-109 407	0	-487 094	

6 Vedlegg

6.1 Eigedomsskatt - status i Hordaland pr. oktober-2009

Stad	Heile komm	Tett-bygd	Verk og bruk	Sats	Sats utanom verk og bruk	Kommentar
Bergen		1	1	3		
Etne			1	7		
Sveio						
Bømlo	1			2	2	Heile komm 2009
Stord						
Fitjar	1		1	6	3,5	Heile komm 2009
Tysnes	1			2		Heile komm 2009
Kvinnherad			1	7		Vedtak om heile komm 2010
Jondal			1	7		
Odda		1	1	7		
Ullensvang			1	7		
Eidfjord			1	7		
Ulvik			1	7		
Granvin			1	7		Vurdera utviding frå neste år
Voss		1	1	7		Tilrådd av Voss formannskap
Kvam		1	1	7		Vurdera utviding frå neste år
Fusa	1		1	2	2	Heile komm 2009
Samnabnger			1	7		
Os						
Austevoll	1		1	7	3	Heile komm 2008
Sund	1			2?/4?		Heile komm 2008
Fjell						Tidlegare 2% på verk og bruk til og med 2007
Askøy						Truleg verk og bruk frå 2010?
Vaksdal		1	1	7		Vurdera utviding frå neste år
Modalen			1	7		
Osterøy	1		1	7	4	Heile komm 2007
Meland	1		1	7	3	Heile komm 2009
Øygyarden			1	7		
Radøy	1		1	7	3	Heile komm 2009
Lindås			1	7		
Austrheim			1	7		
Fedje			1	7		
Masfjorden			1	7		
Sum	9	5	25			

6.2 Kva vert eigedomsskatten vert for den enkelte?

Tabellen under viser kva eigedomsskatten vert ved ulike takstar og eigedomsskattesatsar.

EIGEDOMSSKATT VED ULIKE SATSAR

Takstgrunlag	2,0 promille	3,0 promille	4,0 promille	5,0 promille	6,0 promille	7,0 promille
500 000	kr 1 000	kr 1 500	kr 2 000	kr 2 500	kr 3 000	kr 3 500
1 000 000	kr 2 000	kr 3 000	kr 4 000	kr 5 000	kr 6 000	kr 7 000
1 500 000	kr 3 000	kr 4 500	kr 6 000	kr 7 500	kr 9 000	kr 10 500
2 000 000	kr 4 000	kr 6 000	kr 8 000	kr 10 000	kr 12 000	kr 14 000
2 500 000	kr 5 000	kr 7 500	kr 10 000	kr 12 500	kr 15 000	kr 17 500
3 000 000	kr 6 000	kr 9 000	kr 12 000	kr 15 000	kr 18 000	kr 21 000
3 500 000	kr 7 000	kr 10 500	kr 14 000	kr 17 500	kr 21 000	kr 24 500
4 000 000	kr 8 000	kr 12 000	kr 16 000	kr 20 000	kr 24 000	kr 28 000

6.3 Samandrag av KS – dokumentet *Utfordringar i kø*

Noreg er eit av industrilanda som har vorte minst råka av finanskrisa. Der me har kome oss unna med om lag 3 % arbeidsløyse er nokre av handelspartane våre opp i heile 10 %. Denne relativt store skilnaden mellom arbeidsmarknadene skapar likevel problem. Ein stram arbeidsmarknad fører til at kostnadsveksten held fram, og dermed vert konkurransevna til norsk industri svekka. Løysinga ut av det heile kan ein i hovudsak finna to stader: stimulans høvesvis av finanspolitikken og/eller pengepolitikken. Ein strammare finanspolitikk vil seia at skattar og avgifter aukar. Ein strammare pengepolitikk ser me no effekten av etter at Norges Bank har byrja å auka styringsrenta. Situasjonen eller "krisa" me har hamna i fører alt i alt til at også kommunesektoren opplever og vil oppleve store utfordringar. Det er ikkje nok å "berre" auka inntektene gjennom skattar og avgifter. KS oppsummerar utfordringane slik:

- Mange år med sterkare vekst i aktiviteten enn i inntektene, herunder grunna underfinansiering av barnehagereforma – som har gjeve ein høg gjeldsgrad og svært svak finansiell balanse. Auka renter vil ytterlegare forsterka denne effekten.
- Trass i årets tiltakspakke, store vedlikehaldsoppgåver – over 130 mrd kroner – som er forskyvd i tid
- Påløpne pensjonskostnadar – nær 15 mrd kroner – som også er forskyvd i tid
- Store utfordringar med å behalda og rekruttera kompetent arbeidskraft. Kommunesektoren opplever her likevel at når det stormar som hardast er offentleg sektor ei trygg og god hamn

KS har gjentekne gonger åtvare mot forventningsgapet som vert skapt av løfter frå nasjonale politikarar utan å gje tilstrekkelege midlar til kommunane. Difor ser utviklinga no ut til å gå i retning å nytta ressursane på best mogleg vis.

6.4 Kommunesektoren og nasjonaløkonomien

KS har sidan hausten 2009 utarbeida nøkkeltalsrapportar for tre kjerneområde av kommunen sine tenester, desse er barnehage, grunnskule og pleie og omsorg. Som i resten av landet er

desse sektorane også dei største i Kvam herad. Me tek også i det fylgjande eit kjapt oversyn over aspekta vedlikehald, skatt, pensjon og lån.

6.4.1 Barnehagesektoren

Det har vore ein betydeleg vekst i andel born med barnehageplass, og det er no tilnærma full barnehagedekning. Auka i barnehageplassar fører til utfordringar med å rekruttera styrarar og tilsette med godkjent utdanning, men nøkkeltala viser at andelen har auka det siste året. Kommunane sine netto driftsutgifter har auka med om lag 1,9 mrd kroner etter 2003. På meir lokalt nivå kan me sjå at me har ei netto auke på om lag 4 millionar frå årets til neste års budsjett. KS meiner at barnehagereforma er underfinansiert og skulle vore dekkja av staten.

6.4.2 Grunnskulen

Rapporten viser at for grunnskule har det vorte færre elevar, fleire undervisningsverk og meir spesialundervisning dei siste fem åra. Dette fører naturleg nok til ei kostnadsauke i denne sektoren og er ei utfordring me også har i Kvam. Statistikk viser også at tal på lærarar *med* godkjent utdanning er redusert medan tal på lærarar *utan* godkjent utdanning har auka. Utgiftene til grunnskule varierar mellom 61.000 til 182.000 kr per elev i kommunane, alt etter storleik på kommunane, spreing i busetnadar, skilnadar i sosioøkonomiske forhold og variasjon i kommunen sine frie inntekter.

6.4.3 Pleie og omsorg

Dei siste ti åra har grensene mellom institusjon og omsorgsbustader vorte viska ut. Det sentrale er difor å sjå på tilgang til eit tilbod om heildøgn omsorgsteneste, ikkje buform. Utfordringane i denne sektoren er mange. Me ser ei stadig kostnadsauke i pleie- og omsorgssektoren. Utfordringane gjeld låg legedekning i sjukeheimar og høgt sjukefråvere hjå personale. Budsjettet for sektoren i Kvam 2010 viser ei netto kostnadsauke på om lag 11 mill frå førre året.

6.4.4 Vedlikehaldspakken

KS si undersøking om erfaringar knytt til tiltakspakken viser at 98 % av kommunane som svara meiner tiltakspakken har vore eit godt instrument for å ta igjen det store vedlikehaldsetterslepet i kommunesektoren. Truleg har likevel regjeringa sitt krav om rask bruk av tiltakspakken ført til at det er små prosjekt som har vorte prioritert heller enn store.

6.4.5 Skattar og avgifter

Skatt og avgift er på mange vis eit naudsamt "onde" for å få eit velferdssamfunn til å fungera. Slik det er i Noreg, vert ein viss % - andel av skattane betalte til kommunen, fylkeskommunen og staten. Målet er at skattane skal utgjera 45 % av kommunen sine inntekter. Skatt er difor ei svært viktig inntektskjelde for kommunen. Kvam er, i likskap med om lag halvparten av kommunane i landet, i den situasjonen at han vert drive med eit årleg underskot. Som eit resultat vert det difor føreslege å innføra eigedomsskatt i heile kommunen med ein sats på 3 promille av eigedomsskattetakst.

6.4.6 Pensjon

Kommunesektoren har enno ikkje belasta rekneskapen for kostnadane knytt til pensjonar frå 2002 til 2008. Desse kostnadane er noko kommunen må ta i betraktning og vil utgjera ei forverring i netto driftsresultat på 0,3 % per år. Dagens reglar for offentleg tenestepensjon og AFP vert vidareført. Alderspensjonen skal levealderjusterast, noko som tyder at ein må vera lengre i arbeid for å få same årlege pensjon. Dermed dagens regel om 66 % av sluttløn etter 30 års tenestetid ut. Unntaket er dei som har 15 år eller mindre att til dei er 67 år. Ein annan endring er at pensjon under utbetaling skal regulerast med lønsvekst fråtrekt 0,75 %. Dei økonomiske konsekvensane av levealderjustering og svakare regulering av løpande pensjonar er vanskelege å fastslå, men truleg vil det føra til lågare kostnadar enn dagens regelverk.

6.4.7 Lånegjeld

Kommunen finansierer ein stor del av investeringane ved låneopptak, difor kan renteendringar ha store konsekvensar. Statistikk viser at andel av låneportefølje utan rentebinding har gått ned frå 50 til 41 % frå 2005 – 2008. Andel med rentebinding har derimot auka frå 20 - 30 % i same periode. Rentenedgangen me har hatt dei siste åra har sikra auka netto driftsresultat i kommunane. Truleg vel difor mange kommunar å binda ein enno større del av rentene no når styringsrenta er på veg opp.